




FYLKESMANNEN I  
MØRE OG ROMSDAL

# PRESSEinfo 2016

Eit informasjonsdokument utarbeidd for media og utdelt i samband med Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin pressekonferanse 8. januar 2016.



# Innhald

Innleiing side 4

---

## Oppgaver på tvers

Betre oppvekst – felles innsats for barn og unge side 10

Kommunereforma side 14

Kommuneøkonomi og økonomistyring side 20

Flyktningar og asylsøkarar side 26

Folkehelse side 30

Plansamordning- kommunal planlegging side 32

---

Justis og beredskap side 36

---

Miljøvern side 42

---

Landbruk side 48

---

Oppvekst og utdanning side 54

---

Helse og sosial side 64

---

Administrasjon side 74

# Forord

Utgitt av Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Ansvarleg redaktør: Lodve Solholm

Dette dokumentet er utarbeidd for presse og media.

Dokumentet inneheld oversikt over viktige saker og saksområde som Fylkesmannen i Møre og Romsdal har behandla i 2015, samt oversikt over satsingsområde og saker som vil ha særleg fokus i 2016.

Innhaldet er delt inn etter fagområde. Før kvart tema/saksområde er det oppgitt kontaktperson som journalistar og andre kan kontakte for meir utfyllande opplysningar og kommentarar.


Dokumentet inneheld også generell informasjon om Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dette er meint å gi ei kortfatta oversikt over Fylkesmannen sitt mandat og oppgåver i samfunnet, og kva som skil Fylkesmannen frå andre offentlege organ og institusjonar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal håper og trur at dette dokumentet vil vere til god nytte for media gjennom heile 2015. For meir utfyllande informasjon, opplysningar om saksbehandling, tilsette, dokument søk og aktuelle nyheiter, sjå heimesidene våre: [www.fylkesmannen.no/mr/](http://www.fylkesmannen.no/mr/)



## Kontaktperson

Kommunikasjonsrådgjevar  
Elin Røshol  
Tlf: 71 25 85 13 Mob: 908 67 216  
[elin.roshol@fylkesmannen.no](mailto:elin.roshol@fylkesmannen.no)





# "Det er no det skjer"

## Kommunereforma

Det har vore sagt, skrive og diskutert mykje kring kommunereforma i 2015. Kommunane har allereie lagt ned mykje arbeid, og i Møre og Romsdal ser det ut til at samtlege kommunar vil følge opp bestillinga frå Stortinget og gjere vedtak innan 01. juli 2016. Dette vedtaket er ei tilråding til Fylkesmannen på kva dei meiner er beste løysinga på kommunestrukturen for fortsatt å kunne gi gode velferdstenester til innbyggjarane sine.

Fylkesmannen har fått ein frist til 01. oktober med å gi si vurdering til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Då skal Fylkesmannen vurdere heilskapen i regionen, herunder at dei kriteriana og målsettingane som Stortinget har vedtatt har kome med i kommunane sine vurderingar.

Statsråd Sanner sa i desember 2015 at vi må forberede oss på omstilling og endringar, og bygge nye berekraftige kommunar for framtida. Vi skal ikkje endre Noreg – Noreg er endra, og føyde til at om vi ser kva som skjer rundt oss – ja, så er det faktisk no det skjer. Han viste blant anna til alle menneska som har kome til Noreg i løpet av hausten for å søke om asyl.

## Om flyktningar og asylsøkjjarar – rekordbusetting i 2015!

I 2015 busette kommunane tilsaman 11 000 flyktningar. Aldri før har kommunane busett så mange. Etter asyltilstrømninga hausten 2015, vil kommunane få enda større oppgåver i 2016 med å busette og integrere flyktningar. Då er dei bedd om å busette til saman 18.000 flyktningar. Noreg er i endring! Desse menneska skal ikkje berre busettast. Dei skal integrerast i samfunnet vårt, med skule, arbeid, fritidsaktivitetar og venskap.

I fjor kom det 31.000 asylsøkjjarar til Noreg. Av desse er 40 % under 18 år. I Møre og Romsdal er det ved årsskiftet fire mottak for einslege mindreårige asylsøkjjarar, Hareid, Sunndal (2), og Ulstein. I tillegg kjem nye mottak i Halså og Herøy. Einslege midreårige asylsøkjjarar har rett til å få oppnemnd verje så snart som råd, og Fylkesmannen vil oppmode innbyggjarane i Møre og Romsdal om å ta på seg ei slik oppgåve, og på den måten utgjere ein positiv forskjell for dei som kjem til landet vårt.

Det er ordinære mottak i Sunndal, Ulsteinvik, Tingvoll, Vestnes, Volda og i Ålesund. I tillegg har vi tre akuttmottak, to i Kristiansund og eitt i Herøy. Ein stor honnør til kommunane som har

handtert ein stor auke i asylsøkjjarar på svært kort tid.

Fylkesmannen har fått ei sentral samordningsrolle i tilknytning til arbeidet med asylsøkjjarar og flyktningar. Allereie på politikaropplæringa, som foregår fire dagar i januar i heile fylket, er både IMDI og Husbanken invitert inn for å legge til rette for kommunane slik at dei kan ta i mot enda fleire flyktningar.

## Nytt inntekssystem

Siste veka før jul vart det presentert skisse til eit nytt inntektssystem for kommunane med høyringsfrist 1. mars.

Basistilskotet blir endra:


I dagens inntektssystem får alle kommunar eit likt beløp til å dekke utgifter knytt til å vere ein kommune, uavhengig av innbyggjartal. Dette beløpet er for 2016 om lag 13,2 millionar kroner.

Etter kommunereforma er det ikkje lenger sett på som ein ufrivillig kostnad å vere ein kommune. Basistilskott vil bli nærare knytt opp mot reiseavstandar, berekna ut frå gjennomsnittleg reisetid for å nå 5.000 innbyggjarar.

I praksis får dette ulike verknadar:

Ein kommune som har lang reiseavstand for å nå 5.000 innbyggjarar vil oppretthalde tilskottet på om lag 13,2 millionar 2016-kroner.

Ein kommune som ligg tett opp til



5.000 innbyggjarar vil få dette beløpet redusert i takt med kortare reiseavstand.

Grenseverdien for reiseavstand er foreslått til 13,3 km, 16,5 km og 25,4 km i høyringsnotatet.

Eksempel: Ørskog, Sykkylven, Skodje, Sula og Giske vil alle ha mindre enn 10 km for å nå tak i 5000 innbyggjarar. Dermed vil denne kommunen miste sitt basistilskot, slik det nye inntektsystemet er foreslått.

### **Netto effekt for Møre og Romsdal ved omfordeling pr innbyggjar:**

- Ved 13,3 km: tap på 41,8 millionar kr
- Ved 16,5 km: tap på 59,0 millionar kr
- Ved 25,4 km: tap på 94,6 millionar kr

Det gir oss utfordringer i Møre og Romsdal. Dagens kommunestruktur er ikkje svaret!

## **Klimaforlik – Parisavtalen!**

På tampen av 2015 fekk verda eit nytt klimaforlik; Parisavtalen!

Avtalen er den første rettsleg bindande klimaavtale med reell global deltaking frå alle land. Parisavtalen vil bidra til auka innsats for utsleppsreduksjonar, og forsterke arbeidet med klimatilpassing.

I tida som kjem må alle gjere ein innsats for framtidens klima. Alt frå einskildpersonar til nasjonale styresmakter. Kommunane vil ha ei nøkkelrolle som planstyresmakt, og i løpet av 2016 skal også kommunane utarbeide nye planstrategiar. Dvs kva for planar dei ynskjer å utarbeide/rullere i løpet av valperioden. Det viktigaste verktøyet for politikarane er å styre gjennom planar.

Fylkesmannen arbeider aktivt for å ha god dialog med kommunane i sitt planarbeid.

Eks Kommuneplanar med mange motsegner som kan løysast gjennom arbeidsmøte.

Når det gjeld klimaavtalen frå Paris, så har Fylkesmannen ein rolle som pådri-

var, rådgivar og kontrollør i forhold til kommunane. Viktigste stikkord: klima- og energiplanlegging i kommunane, klimatilpassing og arbeidet med bymiljøavtalane.

Fylkesmannen arbeider med fleire klimarettatiltak. Miljøprogrammet for landbruk stimulerer til miljørett spreiding av husdyrgjødsel, og ambisjonen for 2016 er at 150 000 dekar skal kome inn under ordninga. Det blir satsa aktivt for meir bruk av massivtre som klimanøytralt byggemateriale. Bygging av Romsdalsmuseet og tilbygget ved Romsdal vidaregåande skule er gode døme på bruk av massiv tre. Skogplanting er eit anna eksempel på tiltak med tydeleg miljøpotensiale.

## **Beredskap**

Klimaendringar = fleire naturkatastrofer = Meir beredskap!

Det kjem meir vatn, vi må grave større grøfter og vi må ta høgde for meir uver. I Møre og Romsdal er kommunane gode på beredskap. Filmen «Bølgen» fekk stor merksemd da den hadde førpremiere i Geiranger og gjekk på kinoane i haust. Fjellskred kan kome. «Veslemannen» i Rauma har vi venta på også i 2015, men han er seig. Beredskapen fungerer likevel godt i kommunen og hos politiet.

## **Besøksrunde til alle kommunane i Møre og Romsdal**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i perioden 2013-2015 gjennomført ei besøksrunde til alle 36 kommunane i fylket. Dette for å kunne gjere jobben som bindeledd mellom kommunane og sentrale styresmakter enda betre. På våre kommunebesøk er det formannskapet og øvste administrative leiging i kommunane vi har ønskt å ha ein dialog med, samt representantar frå ungdomsråda.

## **Betre oppvekst**

Fylkesmannen har ei 4-årig satsing på barn og unge sine oppvekst vilkår. Det gjeld medverknad for barn og unge i

planarbeid, utjamninga av sosiale skilnadar og betre fysiske og psykososiale oppvekstmiljø.

Ei stor kartlegging som vart utført i alle 36 kommunane i Møre og Romsdal hausten 2015 syner at det er framleis er store skilnadar på kor flinke kommunane er til å følge opp barn og unge. Omlag to tredjedelar seier at dei har mål for bruk av råd og fagpersonar som fremmer barn og unge sine interesser. Skulane har i stor grad handlingsplanar mot mobbing. Det er bra! Likevel opplever både barn og unge mobbing og krenkande åtferd. Her viser kartlegginga at det er lite informasjon om kor barna skal henvende seg om dei opplever slikt.

Helsesøster har for mange og store oppgåver, og blir opplevd som ein knapp ressurs i forhold til det som er behovet.

Barnekonvensjonen står over norsk lov. Alle ordførarane i Møre og Romsdal har fått kvar plakate av barnekonvensjonen da Fylkesmannen gjennomførte kommunebesøk i alle 36 kommunane i perioden 2013-2015.

## **Kongepar i 25 år**

Søndag 17. januar 2016 er det 25 år sidan Deres Majestet Kong Harald og Dronning Sonja ble Norges kongepar. Sjølve dagen - og jubileumsåret - vil bli markert på fleire måtar.

I samband med markeringa den 17. januar, har slottet invitert ein ungdom frå kvart fylke som fyller 25 år akkurat på dagen; søndag 17. januar. Frå vårt fylke er det sunndalingen Sondre Ørbog som får reise saman med fylkesmann Lodve Solholm til Oslo. Blant anna deltek dei på ei festforestilling for Kongeparet.



# Fylkesmannen

## rolle og funksjon



**Kontaktperson**  
Fylkesmann  
Lodve Solholm  
Tlf: 71 25 84 41 Mob: 415 15 524  
lodve.solholm@fylkesmannen.no



**Kontaktperson**  
Assisterande fylkesmann  
Rigmor Brøste  
Tlf: 71 25 84 42 Mob: 926 59 401  
rigmor.broste@fylkesmannen.no

Lodve Solholm er fylkesmann i Møre og Romsdal frå 01.10.2009. Rigmor Brøste er assisterande fylkesmann.

Fylkesmannen er Kongen og Regjeringa sin fremste representant i fylket og utfører mange og svært allsidige forvaltningsoppgåver for staten (dei ulike departementa).

### Oppgåvene er grovt sett tredelte:

- å setje i verk Regjeringa/Stortinget sin politikk ute i kommunane/fylkeskommunen
- å samordne staten sin politikk/verksemd mot kommunane
- å passe på at innbyggjarane får den rettstryggleiken dei har krav på
- Fylkesmannen har både reine fagoppgåver (for fagdepartement / direktorat) og meir generelle/samordna statsoppgåver.

Alle oppgåvene er i det vesentlege retta mot kommunane i fylket:

- formidling av statlege styringssignal
- fordeling av statlege tilskotsordningar
- klagesaksbehandling over kommunale og fylkeskommunale vedtak etter div. særlover
- tilsyn etter div. særlover

Fylkesmannen har oppgåver innanfor fleire fag- og forvaltningsområde:

- miljø
- landbruk
- oppvekst og utdanning
- helse og sosial
- planlegging og byggesak

- kommunal organisering og tenesteyting
- [Fylkesmannsinstruksen](#) har meir om oppgåvene til embetet:

Fylkesmannsembetet i Møre og Romsdal har 148 tilsette og er lokalisert i Fylkeshuset i Molde. Embetet er frå 01.01.2014 organisert i to stabseiningar og fem fagavdelingar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har utarbeidd ein [strategiplan](#) for perioden 2015-2018 der vi har løfta fram tre prioriterte satsingsområde på tvers av fagavdelingane:

- [Betre oppvekst](#)
- [Kommunereforma](#)
- [Samordning av statlege motsegn knytt til kommunale planar](#)

Strategiplanen gir rammer og retning for vegval, vurderingar og vedtak knytt til arbeidsoppgåver forankra i Fylkesmannens embetsoppdrag.

### Stabseiningane:

Administrasjon, med arbeidsoppgåver knytt til økonomi, personal, IKT, arkiv og service.

Informasjon og kommunal samordning, med arbeidsoppgåver knytt til intern og ekstern informasjon, plansamordning etter plan- og bygningslova, kommuneøkonomi og økonomistyring, tverrfaglege prosjekt og satsingar, interkommunalt samarbeid m.v.

### Fagavdelingane:

- [justis- og beredskapsavdelinga](#)
- [helse- og sosialavdelinga](#)
- [landbruksavdelinga](#)
- [miljøvern avdelinga](#)
- [oppvekst- og utdanningsavdelinga](#)



Lenke til Fylkesmannens heimeside: [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr)



# Trygg framtid for folk og natur i lys av nye oppgåver og utfordringar

Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal vere ein synleg og viktig medspelar.


Vi skal arbeide til beste for alle som bur i fylket ut frå vår visjon:

**Trygg framtid for folk og natur**, og våre verdiar

Engasjert • Rettferdig • Open • Kompetent.



# Betre oppvekst



## Kontaktperson

Seniorrådgivar  
Anne Mette Nerbøberg  
tlf: 71 25 85 28 mob: 936 53 914  
anne.mette.nerboberg@fylkesmannen.no

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har for perioden 2013 – 2016 sett barn og unge på dagsorden gjennom ei særskild satsing på tvers av fagavdelingane. Denne satsinga, kalla [Betre oppvekst](#), rettar søkelys på barn og unge sine oppvekstvilkår i Møre og Romsdal, og har klare koplingar til [FN sin barnekonvensjon](#). Med barn og unge meiner vi alle mellom 0 og 20 år.

Hovudmål for satsinga er at barn og unge sine oppvekstvilkår skal bli vurdert i alle avgjerdsler og i all aktivitet hos Fylkesmannen. «Betre oppvekst» er eit samordningstiltak for heile embetet. Satsinga skal føre til at ulike instansar, både offentlege, private og frivillige arbeider heilskapleg og målretta mot denne gruppa.

Det er utarbeidd fire strategimål for satsinga. Dette på bakgrunn av FN sin barnekonvensjon, Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin strategiplan, embetsoppdraget og nasjonale føringar frå fleire departement.

## Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal arbeide for å

- sikre medverknad frå barn og unge
- betre det fysiske oppvekstmiljøet for barn og unge
- betre det psykososiale oppvekstmiljøet for barn og unge
- redusere dei negative konsekvensane av sosiale skilnader

## Kommunekartlegging 2015

Som eit ledd i satsinga «Betre oppvekst» har Fylkesmannen i samarbeid med fylkeskommunen i 2015 invitert alle kommunane i Møre og Romsdal til deltaking i ei brei [kartlegging](#) av kommunane sitt tenestetilbod til barn og unge. Kartlegginga er etter modell frå Fylkesmannen i Troms si satsing [Sjumilssteget](#). Gjennom denne kartlegginga vil vi sjå nærare på tenestetilbodet i lys av barnekonvensjonens heilskaplege tenking om barn og unge sine oppvekstvilkår.

Startskotet gjekk 22. mai og kommunane hadde frist fram til 30. oktober å svare ut dei 39 spørsmåla i kartlegginga. Spørsmåla tar utgangspunkt i dei fire strategimåla i satsinga «Betre oppvekst» og knytt til artiklar i barnekonvensjonen. Kommunane har brukt mykje tid på denne undersøkinga og dei fleste har levert omfattande og grundige svar. Vi har så langt fått tilbakemelding frå 34 av 36 kommunar.

Fylkesmannen og fylkeskommunen har starta arbeidet med gjennomgang og analyse av innkomne svar. Vi har eit omfattande materiale å jobbe med. Faktaopplysningar og informasjon elles er dataljert, og gjerne supplert med utfyllande eksempel. Så langt kan vi berre presentere tendensar vi har sett i dei innsende svara. Ein meir grundig analyse vil bli presentert i løpet av våren 2016. Her er nokre funn tematisk sortert etter dei fire overordna strategimåla i *Betre oppvekst*-satsinga.

## Sikre medverknad frå barn og unge

Retten til å sikre medverknad frå barn og unge er nedfelt i Barnekonvensjonen sin artikkel 12. Dette inneber at alle barn og unge har rett til å seie meininga si, og at dette skal takast på alvor. Det kan inviterast til medverknad på fleire nivå. Ytterpunkta er på den eine sida passiv informasjon t.d. i media, til på den andre sida rett til å vere med å fatte vedtak.

Kommunekartlegginga viser at kommunane har mange og ulike ordningar og tiltak på plass. Dette omfattar både barn og unge sine som gruppe og i samband med einskildsaker. Kommunane kan her vise til ei rekke organ, system og arenaer der barn og unge kan medverke direkte gjennom eigen deltaking, t.d. gjennom ordningar med ungdomsråd eller elevråd – eller meir indirekte gjennom ulike representasjonsordningar, t.d. skulemiljøutval eller ordninga med eigen talsperson for barn og unge i plansaker.

Dei mange og ulike tiltaka omfattar både formelle og lovpålagde ordningar, men i tillegg også mange definert ut frå lokale initiativ og behov. Eit generelt inntrykk er at kommunane har sett eit tydeleg søkelys på medverknadsaspektet knytt til barn og unge sine interesser og oppvekstvilkår. Variasjonane kommunane imellom knytt til ansvar, organisering, innhald, vidare oppfølging m.v. er likevel store på fleire område. Dette kan også omfatte forskjellar innanfor ulike sektorar og

♥ ETRE  
OPPVEKST



fagområde i den enkelte kommunen. Nokre kommunar har øymerka ressursar retta mot BU-tiltak, medan andre har ulike typar oppgåver og koordineringsoppgåver retta mot BU-gruppa som del av etablerte stillingar. Fleire av kommunane peikar elles på viktige utfordringar knytt til å sikre reell medverknad, samt sikre breidde og mangfald knytt til representasjon.

### Fysisk oppvekstmiljø

Mange av artiklane i FNs barnekonvensjon har samanheng med dei reint fysiske forholda i omgivingane, til dømes artikkel 27 som fastset retten til god nok levestandard. Andre døme er artikkel 29 som fastset retten til ein god skule, og artikkel 31 som fastset retten til kvile, fritid og lek og til å delta i kunst- og kulturliv.

Plan- og bygningslova med tilhøyrande teknisk forskrift (TEK10) stiller minimumskrav om bygging og tilrettelegging, men undersøkinga viser at kommunane også utover dette har stor merksemd på at fysisk utforming av omgivingane er viktig for barn og unge. To tredelar av kommunane oppgir eigne mål i kommuneplanen eller retningslinjer for plan og byggesak

som mellom anna inneber at særskilte råd eller fagpersonar vert involvert i planlegginga.

Kommunen medverkar til fysisk tilrettelegging på svært mange måtar. Det er sjølvstøtt fokus på areal og bygningar kommunen eig, men det er også utstrekt samarbeid med og økonomisk støtte til lag og organisasjonar for å utvikle andre tilbod. Det kan vere idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, leikeareal, øvingsrom m.v. Det er likevel mange som ikkje har fastsett rutinar for slikt samarbeid.

Kommunane kjenner godt kvaliteten på leikeareala i skular og barnehagar, men i mindre grad ute i bumiljøa. Svært mange har likevel leikeplassnorm som føresegn eller politisk retningsline, eller viser til praksis som gir same resultat. Det er svært variable opplysingar om godkjenning av og tilsyn i skular og barnehagar etter forskrift om miljøretta helsevern, og det er grunn til å tru at mange skular og barnehagar ikkje er godkjende. I den grad der er tilsyn ser det likevel ut til at avvikshandteringa fungerer.

Ein ser at leikeareal har stor merksemd i nye reguleringsprosessar, men det er

i liten grad fokus på å sikre planmessig dei større friområda, som innbyr til frileik og som ikkje skal tilretteleggast særskilt. Nesten alle kommunar har trafikktryggingssplan med søkelys på trygg skuleveg, men ikkje alle er oppdaterte, og det manglar ofte midlar til gjennomføring.

Mange kommunar er godt i gang med å oppgradere eldre, offentlege bygningar til UU-standard (universell utforming), men også her står mykje igjen.

### Psykososiale oppvekstmiljø

Artikkel 24 i Barnekonvensjonen understrekar at alle barn har rett til eit godt helsetilbod. Vi ser at det er etablert tverrfaglig samhandling innan tenester som er retta mot barn og unge som er knytt til betring av det psykososiale oppvekstmiljø i kommunane. Tverrfaglege team og samarbeidsmøter i ulike variantar er etablert for å fange opp behov for hjelp, undersøke og sette i gang tiltak.

Kommunane har etablert ulike tiltak og ordningar for å gi foreldre informasjon og tilbod om råd eller nødvendige tenester som kan styrke dei i foreldrerolla for alle alderstrinn.



Eit hovudinstrykk her er at dette ofte manglar eit meir systematisk arbeid. Vi ser at informasjonen til foreldre er prisgitt at den einskilde fagperson i tenestene fangar opp nødvendige behov og sette i verk tiltak.

Handlingsplan mot mobbing og krenkande åtferd er på plass i skulane, og i ein del barnehagar. Enkelte barnehagar ivaretar dette gjennom andre planar/program og årshjul. Svært få av kommunane har lett tilgjengeleg informasjon slik at barn og unge veit kven dei skal kontakte dersom dei ønskjer å fortelje om vald, mobbing eller krenkande åtferd som har ramma dei sjølve eller nokon dei kjenner.

Berre få kommunar har handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Fleire kommunar manglar nødvendig og tilstrekkeleg kompetanse for å handtere alle former for vald og overgrep.

Mange kommunar samarbeider med ulike instansar utanfor kommunen når det gjelder vald, mobbing eller krenkande åtferd. Stort sett handlar samarbeidet om å styrke tenestene etter at det allereie har oppstått problem.

Kompetanseutvikling og tverrfaglig samarbeid rundt barnehage- og skolebarnas psykiske helse blir ivaretatt gjennom kurs, møter og fagdagar i fleire kommunar.

### Sosiale skilnader

Artikkel 27 i barnekonvensjonen seier at barn skal ha ein levestandard som er tilstrekkeleg. Sosial utvikling er nemnd eksplisitt i denne artikkelen. Vi veit at dei sosiale skilnadane aukar frå år til år. Vi har spurt kommunane korleis tenestene deira samarbeider internt for å gi tidleg hjelp til sårbare og utsette barn og unge og foreldra deira. Dei fleste

kommunane svarar at dei har organisert tverrfaglege team som diskuterer einskile saker både anonymt og konkret. Det er skule/barnehage, helsesøster og PPT i stor grad som er med i eit slikt team. Nokre kommunar har og med andre yrkesgrupper som jordmor, folkehelsekoordinator eller andre. Det vert referert til fleire tiltak kommunen har sett i gang for å gi tidleg hjelp og førebygging. Gratis kjernetid i barnehage, redusert foreldrebetaling i barnehage, gratisprinsippet både skole og barnehage og helsesøster er tiltak som går igjen.

Det er sett i gang mange gode og varierte tiltak som fremmer eit godt kosthald, fysisk aktivitet og førebygger bruk av tobakk og rusmiddel blant barn og unge. Vi ser at FRI, eit tobakkførebyggende program, går igjen i nokre av kommunane. MOT er eit tiltak som vert nemnd i nær halvparten av kommunane. Likeeins ser vi at fleire kommunar har prioritert auka fysisk aktivitet i skulen. Nokre av skulane og barnehagane har valt å satse på frukt- og mattilbod. Ulike studiar viser at dette er tiltak som er med på å utjamne sosiale og helsemessige skilnader.

Når det gjeld helsetenester til barn og unge er det få kommunar som har kartlagt det faktiske behovet, gjennom brukarundersøkingar eller liknande. Nokre meiner kommunen er liten nok til at dei likevel har eit godt overblikk over behovet. Vi ser at når behovet ikkje er kartlagt i kommunane er det og vanskelig å seie om barn sin rett til helsehjelp er følgt opp, jfr. Art 24 i Barnekonvensjonen. Kartlegginga viser vidare at helsestasjonstenestene har mange oppgåver og er pressa. Nokre kommunar er tydeleg på at det er for få ressursar til å gjennomføre oppgåvene dei har på ein kvalitativ god måte.

### Vidare oppfølging

Fylkesmannen og fylkeskommunen håper at kommunane vil nytte resultatata frå Kommunekartlegginga i det framtidige arbeidet med å kvalitets sikre tilbodet som blir gitt til barn og foreldre også etter 2015. Kommunane sine statusvurderingar for 2015 blir samla av Fylkesmannen og fylkeskommunen og vil danne grunnlag for seinare oppfølging og samarbeid frå vår side.

Ein grundigare analyse vil bli presentert for kommunane sin kontaktpersonar og andre interesserte på ei samling i Molde 15. mars. Vidare vil informasjonen vi har fått vere grunnlag for ein stor tverrfagleg oppvekstkonferanse i 2016. I dei fleste kommunane er det tilsette i kommunane som har svart på spørsmåla. Nokre kommunar har diskutert resultatata med sitt ungdomsråd. For å sikre at fleire ungdomar får uttale seg om informasjonen som er samla inn, ønskjer vi å legge fram resultatata for ungdomspanelet til våren, i samarbeid med fylkeskommunen. Vi ønskjer ein dialog om kva tema dei unge sjølve synets er viktig at både kommunane og fylkesnivået arbeider vidare med.



# Kommunereforma



## Kontaktperson

Prosjektleder  
Vigdis Rotlid Vestad  
Tlf: 71 25 84 47 mob: 991 58 549  
vigdis.rotlid.vestad@fylkesmannen.no

Det har vore stor aktivitet både i kommunane og regionråda i Møre og Romsdal i samband med kommunereforma. Fylkesmannen er godt nøgd med arbeidet så langt.


Kommunane i Møre og Romsdal har no gjennomført fase 1 og fase 2 av kommunereforma i 2015, og skal no ta fatt på fase 3 som er vedtaksfasen, frå 1.januar 2016 og fram til endeleg vedtak før 1. juli 2016:

I samband med arbeidet i fase 3 har Fylkesmannen i samarbeid med kommunane og regionråda utarbeidd ein [milepælsplan](#):

## Milepælsplanen for Møre og Romsdal

- Frist for utgreiing ..... innan 31.12.15
- Frist for retningsval ..... innan 31.01.16
- Frist for avslutning av forhandlingar ..... innan 20.03.16
- Frist for politisk behandling/intensjonsavtale ..... innan 15.04.16
- Frist for gjennomført høyring/folkeavstemming ..... innan 08.05.16
- Frist for endeleg vedtak ..... innan 01.07.16

## Nasjonal milepælsplan



## Oppdraget frå Stortinget

Fylkesmannen har fått frist på seg for innsending av tilråding til ny kommunestruktur i Møre og Romsdal innan 1. okt. 2016.

Fylkesmannen vil minne om mandatet og oppdraget til kommunane og Fylkesmannen:

Ved behandling av Kommuneproposisjon 2016 er stortingsfleirtalet samde om at «alle kommunar har utgreiingsplikt i kommunereforma» I innstilling

375 S (2014 -2015) presiserer fleirtalet at dei med utgreiingsplikt» [...] legg til grunn at alle kommunar skal ta aktivt del i kommunereforma. Dette inneber blant anna å ha dialog med nabokommunar, utgreie og vurdere aktuelle alternativ, for så å ta stilling til kva for kommunar ein i så fall ønskjer å gå saman med, innan 1. juli 2016». Dette inneber at kommunen må ha ein grunn-

dig prosess med sine nabokommunar, der også innbyggjarar, næringsliv og frivillig sektor vert involvert.

Eit fleirtal i kommunal- og forvaltningskomiteen uttrykte at «Fylkesmannen må fylgje opp dei kommunane som ikkje på eige initiativ tek nødvendig lokalt leiarskap i arbeidet med kommunereforma»



I Kommuneproposisjon 2015: «Storingsflertallet har lagt til grunn at frivillighetsprinsippet skal gjelde, men at det likevel vil være » [...] aktuelt i helt spesielle situasjoner der enkeltkommuner ikke må stanse endringer som er hensiktsmessige ut i fra regionale hensyn».

Ved behandling av Kommuneproposisjon 2016 vedtok Stortinget: «Stortinget ber regjeringa syta for at fylkesmannen kjem med sin tilråding om kommunestrukturen i fylket etter at kommunane har gjort sine vedtak seinast 1. juli 2016».

### Fylkesmannen si rolle i kommunereformarbeidet

Ut i frå mandatet frå Stortinget og regjeringa har Fylkesmannen i Møre og Romsdal fått i oppdrag å sørge for at kommunane kjem i gang med kommunereformarbeidet, og at dei kjem i mål med prosessane slik at dei kan fatte vedtak innan 1. juli 2016. Fylkesmannen har følgd opp kommunane på bakgrunn av [prosessvedtaka](#) og aktivitetar i den einskilde kommunen, og samarbeider tett med regionråda der kommunane har nytte av felles aktivitet og møteplassar.

Kommunane har sendt ein undervegsrapport til Fylkesmannen i juni 2015, og det er laga ein [samlingsrapport](#) av all informasjonen som blei mottatt frå kommunane og regionråda gjennom denne rapporteringa. Undervegsrapporten ga Fylkesmannen eit godt bilde på prosessen fram til sommaren 2015, og resultatane har gitt grunnlag for det vidare arbeidet.

Fylkesmannen har i løpet av 2015 organisert seg slik at i tillegg til fagpersonane som arbeider med kommuneøkonomi, er no 4 juristar også tilgjengeleg for kommunane i arbeidet med kommunereforma. Ein av desse juristane er sett til å leie dette arbeidet internt, og vil vere hovudkontakten ut til kommunane i juridiske spørsmål.

### Vedtak og prosess i kommunane

I Møre og Romsdal har alle 36 kommunestyra førebudd og vedtatt plan for arbeidet med kommunereforma fram til endeleg vedtak våren 2016.

Kommunane har kome med ønske om at regionråda skal koordinere og arrangere felles møte, møteleiing, utgreiingar osv. i høve arbeidet med kommunereforma. Regionråda har

derfor hatt ei sentral rolle – både samla for heile regionen og har deltatt i prosessar der deler av kommunane har hatt felles prosessar.

### Kommunane på Sunnmøre

Kommunane på Sunnmøre er medlemmer i Sunnmøre regionråd. Dette omfattar kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta, Norddal, Stordal, Ørskog, Sula, Skodje, Ålesund, Haram, Sykkylven, Stranda, Giske. Sandøy kommune høyrer til Romsdal, men er berre medlem i Sunnmøre regionråd. Vestnes kommune høyrer til Romsdal, er medlem både i Romsdal regionråd (ROR) og Sunnmøre regionråd

Kommunane på Sunnmøre har eit godt samarbeid med Sunnmøre regionråd som har drege mange felles prosessar for sine 18 kommunar, inklusiv kommunane Sandøy og Vestnes i Romsdal. Regionrådet har to tilsette som arbeider med kommunereforma. Alle kommunane har deltatt i felles prosessar. Sentio Resarch har gjennomført [felles innbyggjarhøyring](#) hausten 2014 for alle kommunane. BDO la fram eit [utfordringsnotat](#) i februar 2015 for alle kommunane i samband med kommunereforma.

Ny [innbyggjarhøyring](#) blei lagt fram 26.nov. 2015.

Kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid hadde work-shop 3. og 4. des. for å sjå på moglegheiter til ein ny kommune på Søre Sunnmøre.

Kommunane som grensar mot Sogn- og Fjordane har tidvis hatt nabopratar med sine grensekommunar i sør, og det er enno ikkje heilt avslutta slike samtalar. Kommunane Ørsta og Volda har begge omtrent likelydande vedtak frå juni 2015 på å gå vidare i samarbeid med målsetting om å utarbeide ei felles intensjonsplan for ei eventuell samanslåing. Kommunane hadde [prosjekt-møte 5. nov.](#) der dei la konkrete planar for det vidare arbeidet. Det føreligg ein rapport frå januar 2015 som Volda kommune er oppdragsgivar for: «[Byregionen Volda – Ørsta](#)». Ein rapport som tar for seg utfordringar og moglegheiter for regional utvikling og attraktivitet.

Kommunane Sykkylven, Stordal, Norddal og Stranda har arbeidd med eit prosjekt kalla «[Alternativ Indre Storfjord](#)». Deira sluttrapport blei presen-

tert i august 2015 som kommunane no brukar i sitt vidare arbeid med kommunereforma.

Det har vore eit tilsvarande arbeid med kommunane litt lenger nord på Sunnmøre/delvis Romsdal. Det er Sandøy og Vestnes i Romsdal og Skodje, Ørskog, Nordal og Stordal på nordre Sunnmøre. Dette prosjektet har fått namnet «[Landkommuneprojektet](#)» og blei ferdig i september 2015. Deltakar-kommunane fekk også eit [bestillings-dokument](#) der kvar kommune skulle gå igjennom ei SWOT-analyse. Også dette arbeidet legg opp til at det skal vere eit grunnlag for kommunane i det vidare arbeidet.

Det største prosjektet på Sunnmøresom har arbeidd med kommunereforma er «[Regionkommune Sunnmøre](#)» som blei presentert ferdig i august 2015. Det er kommunane Hareid, Ulstein, Skodje, Sula, Giske, Haram, Ørskog, Norddal, Stordal, Stranda, Sykkylven, Ålesund og Sandøy i Romsdal, til saman 13 kommunar. Deltakarkommunane fekk også eit [bestillingsdokument](#) der kvar kommune skulle gå igjennom ei SWOT-analyse. Kommunane

er godt i gong med å nytte heile dette prosjektarbeidet for vidare oppfølging med kommunereforma i sin kommune. Ålesund Kunnskapsark bestilte ein studie frå Møreforsking med tittel «[Ålesundsregionen - integrert og fragmentert?](#)» som også har vore grunnlagsdokument i dette arbeidet.

Ålesund, som største kommune på Sunnmøre, har gjort vedtak om utnemning av eit forhandlingsutval, der mandatet tilseier at dei skal starte arbeidet med forhandlingar med nabo-kommunar der målsetting er å utarbeide ein intensjonsavtale. Ålesund kommune tar utgangspunkt i arbeidet som prosjektet «Regionkommune Sunnmøre» har lagt fram.

### Kommunane på Nordmøre

Kommunane på Nordmøre er medlemmer i Nordmøre regionråd, ORKide. Dette omfattar kommunane Rindal, Surnadal, Halså, Aure, Smøla, Sunndal, Tingvoll, Kristiansund, Averøy, Eide og Gjemnes. Nesset og Fræna kommune høyrer til Romsdal – men er med på div. interkommunale samarbeid i ORKide. I oktober 2014 blei det arrangert felles formannskapsmøte for kommunane





på Nordmøre der kommunereforma var tema. Regionrådet la fram tiltaksplan for arbeidet, og frå mai 2015 blei det tilsett prosjektleiar for kommunereforma i Nordmøre regionråd. Kommunane ønskte at regionrådet tok på seg oppgåver i dette arbeidet ut frå ei felles tilnærming. Telemarksforsking blei engasjert til å utgreie mogleg framtidig kommunestruktur på Nordmøre for kommunane Rindal, Surnadal, Sunndal, Halså, Aure, Smøla, Kristiansund, Tingvoll, Averøy, Eide og Gjemnes. Kommunane Nesset og Fræna i Romsdal og Hemne, Hitra, Snillfjord og Oppdal i Sør-Trøndelag fylke var med i nokre av strukturalternativa. [Felles kommuneutgreiing](#) blei lagt fram på felles kommunestyremøte i Kristiansund 5. november.

[Kristiansund som største kommune på Nordmøre](#) har i bystyret 24.nov. vedtatt retningsval for Kristiansund. Kristiansund ønsker å starte forhandlingar med Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Halså, Aure og Smøla. I samband med vedtak frå bystyret 10.nov. er det enda mogleg å utvide talet på kommunar som kan vere med i forhandlingar.

Averøy kommune har vedtatt eit liknande vedtak som Kristiansund, og har allereie invitert [og gjennomført møte](#) med dei nemnde kommunane over. Rindal kommune har søkt om overflytting til Sør-Trøndelag fylke, og er av den grunn med i utgreiingsarbeid med kommunane i Orkdalsregionen.

Kommunane på Nordmøre har gjennomført [innbyggjarundersøkingar](#), og nokre kommunar har vedtatt å høyre innbyggjarane sine med folkerøysting våren 2016. Etter at arbeidet med felles utgreiing no er ferdig, er ein ny fase starta med vedtak i kommunestyra om forhandlingsutval – og nærare samarbeid med sine naboar.



## Kommunane i Romsdal

Kommunane i Romsdal er medlemmer i Romsdal regionråd, ROR. Dette omfattar kommunane Nesset, Rauma, Vestnes, Midsund, Aukra, Molde, Fræna og Sandøy. Eide kommune tilhøyrar Nordmøre - er medlem både i ORKide og ROR. Nordmørskommunane Gjemnes og Sunndal er med på ei utgreiing om framtidig kommunestruktur innan ROR-området. Sandøy kommune er ikkje medlem i ROR

Kommunane i Romsdal har eit godt samarbeid med Romsdal regionråd – og regionrådet har dratt mange felles prosessar i arbeidet med kommunereforma. Regionrådet har to tilsette som arbeider med kommunereforma. Kommunane i Romsdal har saman med regionrådet blitt einige om ein felles [milepælsplan](#) for arbeidet med kommunereforma.

Kommunane i Romsdal har gjennomført [utgreiing](#) utført av Telemarksforsking, i samarbeid med NIVI analyse. Kommunane som har inngått i utgreiingane er Aukra, Fræna, Midsund, Molde, Nesset, Rauma, Vestnes og Eide, Gjemnes og Sunndal på Nordmøre - med totalt 12 ulike strukturalternativ. Gjennom sluttrapporten kjem det fram kva slags strukturalternativ som kjem

best ut, og som kommunane no ser til i dei vidare sonderingane med kvarandre.

Kommunane Eide, Molde, Fræna og Rauma gjennomførte våren 2015 [innbyggjarundersøkingar](#). Alle kommunane i Romsdal har i 2015 gjennomført ei eller fleire innbyggjarundersøkingar. Fem kommunar har allereie vedteke å gjennomføre folkerøysting våren 2016.

Dei fleste kommunane i Romsdal har eller er i gong med å gjere vedtak om forhandlingsutval/sonderingsutval med tilhøyrande mandat for arbeidet. Kommunane har felles struktur på desse utvala som består av ordførar, varaordførar, leiar av det største opposisjonspartiet og rådmann. Forhandlingar/sonderingar omkring ein [ny kommune på Romsdalshalvøya](#) er allereie starta, og to møte er gjennomført.

[Molde kommune som den største kommunen i Romsdal](#) har gjort vedtak om retningsval der ein ynskjer å gå inn i forhandlingar med alle kommunane på Romsdalshalvøya, samt kommunane Vestnes og Rauma. Også kommunane Rauma, Midsund og Nesset har gjort sine retningsval. Gjemnes kommune på

Nordmøre har også gjort retningsval, der eit av vala er mot Romsdal.

Neset kommune har gjort vedtak om alternativ: Enten å være med i ein størst mogleg Romsdalskommune eller skipa ein ny kommune saman med Sunndal kommune. [Forhandlingar/sonderingar](#) er allereie starta opp.

Sunndal kommune har takka ja til å innleie sonderingar med Neset kommune. Plan for desse sonderingane er på plass og dei har allereie gjennomført [fleire møte](#).

## Interkommunalt samarbeid

Mellom kommunane i Møre og Romsdal er det etablert ei rekke interkommunale samarbeidsordningar. Fylkesmannen har sendt ut eit brev til kommunane med rettleiing på temaet «opphør av interkommunalt samarbeid».

I samband med kommunereforma vil det vere nyttig for kommunane å gå gjennom dei ulike interkommunale samarbeida dei er med i. Kommunane bør i prosessane framover vurdere behovet for interkommunalt samarbeid ut i frå korleis den nye kommunen vil sjå ut. Vi viser til rapport frå NIVI analyse frå 2013 og til tabell under som viser talet på interkommunale samarbeid for den einskilde kommune i 2013:

## Økonomi i kommunereforma

Kommunane har fått tildelt skjønnsmidlar i 2015 spesielt retta til arbeidet med kommunereforma. Kommunane i Møre og Romsdal har

ikkje gjennomført innbyggjarhøyring i 2015 på bakgrunn av vedtatte val av alternativ, berre på generelt grunnlag med bakgrunn i kommunereforma. I 2016 vil mange kommunar høyre innbyggjarane sine på vedtekte val, og i samband med dette vil kommunane bli tildelt kr. 100 000 i skjønnsmidlar til dette arbeidet.

Fylkesmannen har vedtatt at kommunane og regionråda skal få tildelt følgjande skjønnsmidlar i arbeidet med kommunereforma i 2016:

- Dei tre største bykommunane kr. 500 000 kvar, dei resterande 33 kommunane kr. 200 000.
- Regionrådet på Sunnmøre får kr. 2 mill., Regionråda i Romsdal og på Nordmøre får 1 mill. kvar.
- Etter at kommunane har vedteke «sin nye kommune i 2020» får kvar av dei «nye kommuneprosjekta» kr. 1 mill. til ei prosjektstilling kvart år fram til og med 2019.

## Ungdom i kommunereforma

Fylkesmannen har i løpet av året engasjert ein prosjektmedarbeidar i 20% stilling til arbeidet retta mot ungdom i kommunereforma. Alle ungdomsråda ved leiarane blei på forsommaren invitert til felles møte i regionane for å gi innspel til arbeidet retta mot ungdom. Innspela resulterte i ein video for ungdom; «Kommunereforma på eitt minutt» og eit undervisningsopplegg som kan nyttast av kommunane i arbeidet med kommunereforma. Fylkesmannen har i tillegg gitt alle kommunane kr. 50 000 i skjønnsmidlar øyremerka til arbeidet med ungdom i kommunereforma.

## Informasjon til alle målgrupper


Kommunane har eit stort ansvar i å formidle god nok informasjon ut til innbyggjarane sine om måla i kommunereforma, fakta om eigen kommune og moglege framtidsbilde. Kommunane har gitt uttrykk for at formidling av god nok informasjon og medverknad frå innbyggjarane er ei stor oppgåve å få til i arbeidet med kommunereforma. Dei ulike målgruppene held seg orientert gjennom ulike media - tradisjonelle folkemøte når berre ei lita gruppe - og det er ulik interesse for å ta til seg kunnskap om kommunereforma. Dei fleste kommunane i Møre og Romsdal har eigne presentasjonar og lenker på sine heimesider til kommunereforma.

Fylkesmannen har også ein rolle i å spreie kunnskap og fortløpande informasjon om kommunereforma. Politisk og administrativ leiing i kommunane er her ei viktig målgruppe. Fylkesmannen har kontaktpersonar i alle kommunane spesielt retta til arbeidet med kommunereforma – og all ny informasjon har blitt sendt til kontaktpersonane fortløpande.

Frå juni har Fylkesmannen vedtatt å sende ut til kommunar og andre samarbeidspartar eit «Nyhende» spesielt retta omkring ny informasjon om kommunereforma. Nyhende blir utgjeve ein gong i månaden.

Fylkesmannen har på sine heimesider lagt ut kontaktinfo til aktuelle fagpersonar hos Fylkesmannen som arbeider med kommunereforma.






Møre og Romsdal 7,8 prosent  
Landet 12,1 prosent

- 1) 1. jan 2006 blei Tustna og Aure ei kommune - Aure kommune
- 2) 1. jan 2008 blei Kristiansund og Frei ei kommune - Kristiansund kommune

Møre og Romsdal fylkeskommune – plan og analyseavdelinga




Figurane som illustrerer kvar einiskild kommune, er utvikla i samband med ny profil. Figurane har kommunevåpena som utgangspunkt, på samme måte som ny profil har riksvåpenet som utgangspunkt for profilelementa. Kommunefigurane er illustrert av Mari Watn.



# Kommuneøkonomi



**Kontaktperson**  
Seniorrådgivar  
Sissel Hol  
Tlf: 71 25 84 49 Mob: 949 85 544  
sissel.hol@fylkesmannen.no



**Kontaktperson**  
Seniorrådgivar  
Martin Gjendem Mortensen  
Tlf: 71 25 84 40 Mob: 995 73 286  
martin.gjendem.mortensen@fylkesmannen.no

## Fleire Robek-kommunar i 2016?

Robek står for «Register om betinget kontroll og godkjenning». Kommunar i Robek er underlagt statleg kontroll og godkjenning av økonomiske disposisjonar:

- Lovlegkontroll av årsbudsjettet
- Låneoptak
- Langsiktige leigeavtalar


Møre og Romsdal har historisk sett hatt mange kommunar i Robek sett i høve til resten av landet. Diagrammet under

viser andelen Robek-kommunar i dei ulike fylka.



Oversikta viser at andelen Robek kommunar i Møre og Romsdal er tredje høgast av fylka i landet. Ved inngangen til 2016 er det sju kommunar i Robek i Møre og Romsdal. Det er kommunane Ålesund, Kristiansund, Hareid, Stranda, Sykkylven, Rauma og Fræna, markert med raudt i kartet under.

Kommunane Gjemnes, Ørsta og Volda vart melde ut av Robek i 2015, medan kommunane Kristiansund og Rauma vart melde inn. Kartet viser òg dei

kommunane som hadde underskot i 2014, markert med gult. Det gjeld kommunane Sande, Herøy, Ørskog, Giske, Molde, Rindal og Smøla. Fylkesmannen forventar ikkje at det blir færre kommunar i Robek samla sett i 2016. Oversikta under viser kor lenge kvar kommune har vore i Robek sidan registeret vart innført i 2001.



## Robek-kartet



Hareid kommune har vore lengst i Robek i Møre og Romsdal med 13,5 år i løpet av dei 15 åra med Robek. Sykkylven kommune har vore innmeld i 13 år, medan Fræna kommune har vore innmeld i 11 år. Kommunar som har hatt god økonomistyring og halde

seg heilt unna Robek er Herøy, Ørskog, Stordal, Haram, Sandøy, Aukra, Sunndal, Surnadal, Rindal, Halså og Smøla. I tillegg har gamle og nye Aure kommune, samt gamle Kristiansund kommune ikkje vore i Robek.




## Gjeldsbøra

I nasjonal sammenheng har kommunane i Møre og Romsdal historisk sett hatt høgare gjeld i høve til inntekta. I Kostra

(Kommune-stat-rapporteringa) har det kome ein ny indikator kalla renteeksponert lånegjeld. Den viser i kva grad kommunane er sårbar for rentehevingar. Om ein har høg renteeksponert lånegjeld i høve til inntekta, vil ei renteheving gi relativt høgare renteutgifter enn gjennomsnittskommunen. Diagrammet under viser oversikta for kommunane i Møre og Romsdal.

neret lånegjeld i høve til inntekta, vil ei renteheving gi relativt høgare renteutgifter enn gjennomsnittskommunen. Diagrammet under viser oversikta for kommunane i Møre og Romsdal.



Det går klart fram at det er store variasjonar kommunane imellom når det gjeld i kva grad kommuneøkonomien er utsett for renteeksponering.

Kommunane kan redusere eller utsette dei økonomiske konsekvensane av svingingar i rentenivå gjennom fastrenteavtalar, men det kjem gjerne med ein pris. Rentenivået vil òg påverke avkastninga på kommunane sitt pensjonsfond, men det er for få data til gi ei overordna analyse av korleis desse to høve vil motverke kvarandre. Det er mangelfulle data for å gi denne indikatoren for kommunane Sande, Herøy, Ulstein og Hareid.

### Høgt ambisjonsnivå i kommunane, både på drift og investeringar


Kommunane i Møre og Romsdal har høge ambisjonar for innbygarane sine. Ein konsekvens av det er at dei økonomiske resultatane ikkje er dei beste i landet. Figuren under viser dei sentrale økonomiske indikatorene i kommunerekneskapen.

Brutto driftsresultat er lågare for kommunane i Møre og Romsdal. Det betyr at kommunane her i fylket nyttar meir av den løpande inntekta til å drifte gode teneste til innbygarane.

Nivået på finansutgiftene er forventagitt at kommunane i Møre og Romsdal samla har høgare lånegjeld enn for kommunane i landet utanom Oslo. Det er både høgare renteutgifter og høgare avdrag. At avskrivningane er høgare enn avdraga, betyr at kommunane betaler mindre ned på låna enn investeringane blir redusert i verdi.

Netto driftsresultat er den viktigaste enkeltstående indikatoren for å analysere kommunane sin økonomi. Den viser høve mellom alle utgifter og inntekter i løpet av året. For kommunane i Møre og Romsdal samla, var det så vidt det var pengar igjen da

Økonomiske resultat  
Konsernnivå, i pst av inntekta, 2014




2014 var omme. Tilrådinga frå og med 2014 er at netto driftsresultat skal vere på 1,75 prosent av inntekta. Verken kommunane i landet utanom Oslo eller kommunane her i fylket samla kom opp på tilrådd nivå.

Det er store variasjonar i netto driftsresultat for kommunane her i fylket.

Aukra kommune hadde høgast netto driftsresultat med over 18 pst av inntekta. Herøy kommune hadde lågast netto driftsresultat med negativt 6,2 pst av inntekta. Heile 25 kommunar hadde eit netto driftsresultat som var under tilrådinga på 1,75 pst.

Låge økonomiske resultat tilseier at

kommunane her i fylket må omstille seg for å halde økonomien i balanse. For mange kommunar vil det vere naudsynt å redusere eller kutte i dei kommunale tenestene og/eller innføre eller auke eigedomsskatten i åra framover.



## Prosjektskjønn 2015

Fylkesmannen stimulerer hvert år til innovasjonsarbeid i kommunane. Døme på slikt arbeid er utviklinga av nye modellar eller arbeidsmetodar, pilotprosjekt eller andre prosjekt som går ut på nybrottsarbeid. Vi ønskjer å leggje til rette for at kommunane får gjennomført gode prosjekt og gode arenaer for erfarings- og kunnskapsutveksling.

### Satsningsområde

På bakgrunn av kunnskap lokalt om kommunane i Møre og Romsdal og nasjonale mål, satsningar og standardar, har vi kommet fram til at følgjande område er spesielt viktig:

- Betre oppvekst - Mobbing og krenkande åtferd
- Beredskap og samfunnstryggleik
- Spesialundervisning og læringsmiljø
- Svartelista planteartar
- Velferdsteknologi innan omsorgstenesta
- Kommunereform


Tabellen på neste side syner prosjekta som fekk støtte av Fylkesmannen i 2015.





<b>Tabellen viser prosjekta som fekk støtte av Fylkesmannen:</b>			
<b>Kommune</b>	<b>Prosjekt</b>	<b>Deltakande kommunar</b>	<b>Tilskott i kroner</b>
Molde	Svartelista planter		50 000
Molde	Tverrfaglig samarbeidsprosjekt, helsestasjon, Øvre Berg og Hauglegda barnehage		200 000
Ålesund	Svartelista planter		100 000
Ålesund	Lek på strek		280 000
Ålesund	Fremtidens barnehager i Ålesund med fokus på leikande vennskap		200 000
Ålesund	Drift av læringsnettverk i tjenstedesign og velferdsteknologi	11 kommuner	600 000
Ålesund	Etablere ALV-Møre i drift		500 000
Ålesund	Velferdsteknologisk trygghetspakke i Møre og Romsdal	Ulstein, Herøy, Vanylven og Ørskog	400 000
Kristiansund	Førskoleprosjekt/ Ta grep - kvalitet i førskolen	Averøy, Smøla og Aure	300 000
Kristiansund	Forlengelse av "Morgendagens sykehjem"		400 000
Vanylven	Aktiv og trygg ungdom		350 000
Sande	Marine grunnkart Søre Sunnmøre	Hareid, Ulstein, Herøy og Vanylven	200 000
Sande	Best i Norge		200 000
Herøy	Ein god stad å lære		300 000
Ulstein	System for implementering av beredskap		100 000
Hareid	Regionalt samarbeid og utvikling av samhandlingstener	Herøy, Sande, Vanylven, Volda og Ørsta	600 000
Hareid	InnoKom Sunnmøre	Sunnmøre regionråd	400 000
Stranda	Kommuneovergripande prosjekt om Innpå tunet tenester	Norddal og Sykkylven	300 000
Giske	Ressursteam i Giske kommune		250 000
Giske	Etablering av kvardagsrehabilitering som metode og bruk av velferdsteknologiske løysingar		400 000
Rauma	Svartelista planter		35 000
Rauma	Forstudie knyttet til anskaffelse av velferdsteknologi	Aukra	235 000
Nesset	Beredskapsteam mot mobbing	Tingvoll, Sunndal, Halså, Rindal, Surnadal, Kristiansund, Aure, Smøla, Averøy	300 000
Sandøy	Innovasjon i tilpassa undervisning for alle		200 000
Averøy	Nettverk for psykososiale kriseteam	Alle kommunane i Møre og Romsdal	700 000
Averøy	Drømmen om en ny kommune		250 000
Surnadal	Svartelista planter		30 000
Surnadal	God oppvekst - heim, barnehage og hjelpeapparat	Halså og Rindal	150 000
Surnadal	Samhandling på siste vakt		200 000
	SUM		8 230 000

# Flyktningar og



**Kontaktperson**  
 Fylkesberedskapssjef  
 Stine Sætre  
 Tlf: 71 25 84 85 Mob: 952 24 419  
 stine.saetre@fylkesmannen.no

## Asylsituasjonen

Tilstrøyminga av asylsøkarar til Noreg har auka sterkt siste kvartal av 2015. Noreg tok i mot fleire asylsøknader i september aleine enn i heile første halvår, og vi må bu oss på at det vil kome svært mange asylsøkarar til Noreg også i 2016. Oppgåva med å ta imot, busette og integrere flyktningar og asylsøkarar i eit slikt omfang blir krevjande for utlendings-forvaltninga og for kommunane, som skal ta imot, busette og støtte dei som kjem. Dette er ein situasjon som krev at lokale, regionale og nasjonale aktørar samarbeider og samordnar seg på ein god måte, slik at vi i fellesskap bidreg

til gode løysningar. I denne spesielle situasjonen har Fylkesmannen gjennom samordningsrolla og kompetansen på tvers av sektorar, fått eit særleg oppdrag om å koordinere avklaringsringar mellom kommunane og sektormyndigheitene.

Om vi ser på utviklinga i fylket siste året, ser vi at tal på asylsøkarar som bur i mottak har dobla seg frå 879 i januar til 1602 i utgangen av november. Det same ser ein på nasjonalt nivå der det var 14182 som budde i mottak i januar og i utgangen av november 31630 (kjelde: [www.udi.no](http://www.udi.no)). Av disse er 9249 barn under 18 år. Ved utgangen av 2015

er det asylmottak for einsleg mindreårige asylsøkarar i Hareid, Sunndal og i Ulsteinvik, og i tillegg kjem nye mottak i Halså og Herøy. Det er ordinære mottak i Sunndal, Ulsteinvik, Tingvoll, Vestnes, Volda og i Ålesund. I tillegg har vi tre akuttmottak, to i Kristiansund og eitt i Herøy.

<http://www.udi.no/statistikk-og-analyse/statistikk/mottaksbefolkning-antall-beboere-i-mottak-etter-fylke-og-maned-2015/>

For oppdatert informasjon om asylsituasjonen, sjå: [www.regjeringen.no/asylsituasjonen](http://www.regjeringen.no/asylsituasjonen)

Tabell 1:

[Antall beboere i asylmottak i Noreg etter aldersgruppe og månad ved utgangen av november 2015. \(kjelde: UDI\)](#)

Aldersgruppe	0- 5 år	6- 10 år	11- 17 år	Voksen	Totalt
Jan	1 206	598	905	11 473	14 182
Feb	1 185	593	887	11 171	13 836
Mar	1 167	584	886	10 666	13 303
Apr	1 119	580	879	10 476	13 054
Mai	1 098	582	1 127	10 620	13 427
Jun	1 060	588	1 310	10 485	13 443
Jul	1 054	586	1 605	10 735	13 980
Aug	1 120	576	2 013	11 408	15 117
Sep	1 361	733	2 715	13 735	18 544
Okt	1 967	1 134	3 993	18 438	25 532
Nov	2 557	1 528	5 164	22 381	31 630

# asylsøkarar



## Kontaktperson

Seniorrådgivar  
Ann Lilly Inderhaug Orvik  
Tlf: 71 25 85 35 Mob: 959 21 410  
ann.lilly.orvik@fylkesmannen.no



## Kontaktperson

Seniorrådgivar  
Heidrun Avdem  
Tlf: 71 25 85 42 Mob: 907 35 727  
heidrunn.avdem@fylkesmannen.no

## Mindreårige asylsøkarar og flyktningar

Lov om barneverntenester gjeld for alle barn i Norge uavhengig av statsborgarskap, asylsøkarstatus eller om barna er her i lag med foreldra eller ikkje. Dei som kjem utan foreldre, blir registrerte som «einsleg mindreårige asylsøkarar (EMA)» og dei blir gruppert på denne måten:

- **Einslege mindreårige asylsøkarar mellom 15 og 18 år.** Desse får normalt plass i egne mottak. IMDi har ansvaret for at desse barna seinare får tilbod om permanent busetting i kommunane. Så lenge barna bur i eit mottak, har barneverntenesta der mottaket ligg ansvar for å tilby tenester til desse barna dersom dei har

behov utover det asylmottaket dekker. Barna i mottak har same rett til kommunale barneverntenester som andre barn i kommunen.

- **Einslege mindreårig asylsøkar under 15 år.** Desse barna er under omsorg av barnevernet og bur i omsorgssenter. Omsorgssentra er underlagt det same regelverket som andre barneverninstitusjonar. Fylkesmannen har ansvar for å føre tilsyn med desse institusjonane. Når desse barna får opphald i Norge, har Bufetat ansvar for å finne busetting for dei vidare – først og fremst i godkjente fosterheimar.

Fylkesmannen er ansvarleg for at alle einslege mindreårige asylsøkarar som kjem til fylket får oppnemnt ein representant/verje. I Møre og Romsdal var

det per 1. januar 2015 eit asylmottak som husa 30 einslege mindreårige asylsøkarar. Ved årsslutt er det 230 plassar fordelt på 4 mottak. Det er vidare meldt om eit nytt mottak i Halså kommune som skal huse 45 einslege asylsøkarar, og eit i Herøy kommune som skal huse 60. Desse vert tatt i bruk ved årsskiftet.


Møre og Romsdal har tidlegare ikkje hatt omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkarar under 15 år, men 07. desember 2015 opna eit privat omsorgssenter med 5 plassar i Ålesund. Fylkesmannen er kjent med at ytterlegare ein private aktør har konkrete planar for å etablere eit slikt senter.

Tabell 2:

Antall barn og ungdom under 18 år i omsorgssenter eller asylmottak i fylket, fordelt på kommune.

Pr. 30. november 2015 (Kjelde: IMDi)

	Enslig ungdom (15 - 18)	Transittmottak	Ordinære plasser	Totalsum
Møre og Romsdal totalt	213	99	175	487
Hareid	48			48
Kristiansund		99		99
Sunndal	96		49	145
Tingvoll			13	13
Ulstein	29		68	97
Vestnes			15	15
Volda	40		14	54
Ålesund			16	16



### Kontaktperson

Fylkeslege  
Christian Bjelke  
Tlf: 71 25 85 53 Mob: 901 08 140  
christian.bjelke@fylkesmannen.no

## Helseteneste

I samband med mottak og oppfølging flyktningar og asylsøkarar har helsetenesta ei rolle i ulike fasar, og i oppfølging av barna, som har rett til helsehjelp på linje med norske barn. Dette går fram av eigen rettleiar for helseundersøking av asylsøkarar og flyktningar. Fylkesmannen er av Helsedirektoratet gitt i oppdrag å rapportere om situasjonen i Møre og Romsdal.

Gjennom eigne rapporteringsrutinar har kommunane med etablert mottak mellom anna gitt følgjande innspel:

- Koordinering mellom helsetenestene internt i kommunen er krevjan-

de, då mange av flyktningane har samansette helseproblem

- Kontakta med UDI er beskrevet som mangelfull
- Det har til tider vore manglande oppdatering på kven som har gjennomgått screening i samband med tbc-kontroll før ankomst ved asylmottaket.
- Informasjon kring den enkelte sin helsetilstand kjem forseinka fram til kommunen
- I all hovudsak er det bra tilgang på kompetanse, men det er utfordringar knytt til kapasitet
- Barna blir prioritert med tilgang til helsestasjon og vaksinerings
- Fleire av kommunane har eta-

blert «ekstrakontor» i nærleiken av mottak

- Det har vore naudsynt å omdisponere helsepersonell internt i nokre kommunar
- Fleire kommunar beskriv utfordringar knytt til traumatiserte flyktningar og adekvat oppfølging i denne samanheng

Fylkesmannen har ikkje registrert krav om ekstra helsepersonell frå kommunar knytt til nasjonal helsepool. Det er planlagt to fagdagar 9. og 10. februar 2016 knytt til migrasjon og flyktningehelse i samarbeid med ulike faginstansar (RVTS og NAKMI).



### Kontaktperson

Direktør  
Alv Walgermo  
Tlf: 71 25 85 60 Mob: 452 25 967  
alv.walgermo@fylkesmannen.no

## Oppvekst og utdanning

Fylkesmannen skal gi råd og rettleiing og vere pådrivar overfor kommunar og fylkeskommune for å sikre barn og unge flyktningar og asylsøklarar eit opplæringsstilbod.

Vertskommunane og mottaka må samarbeide slik at barn og unge kan få barnehage og opplæring også når dei er på mottaka.

Barn har t.d. rett til grunnskuleopplæring når det er sannsynleg at dei skal vere i Noreg lenger enn 3 mnd.

Mange kommunar har god erfaring frå tidlegare med å ta imot innvandrare og er dyktige til å gi dei norskopplæring slik at dei kan kome raskt ut i arbeid. Denne kompetansen kjem godt med no. Vi har inntrykk av at kommunane har vore svært dyktige til å tilrettelegge for barnehageplass

og gjennomfører tidleg kartlegging av barn og vaksne slik at dei får begynne raskt med norskopplæringa i mottaka.

Fleire kommunar melder om at det er ei utfordring å få tak i lærarar og ser behovet for fleire lærarar med kompetanse i opplæring av minoritetsspråklege. Korleis kommunane taklar dette, er bl.a. avhengig av mengda av asylsøklarar som vil kome i tida som kjem.



### Kontaktperson

Seniorrådgivar  
Marie Eide  
tlf: 71 25 85 55 Mob: 472 87 131  
marie.eide@fylkesmannen.no

## Busetting av flyktingar 2015-2016 i Møre og Romsdal

Kvart år oppmodar Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) kommunane om å busette flyktingar som får opphald i Norge. Oppmodinga for kvar kommune baserast på behov som fastsettast av Nasjonalt utval.

Her er oversikta over kor mange flyktingar kommunane i Møre og Romsdal er oppmoda om å busette og talet på vedtak i kommunane for åra 2015 og 2016. Oppmodinga for 2016 er i haust

endra. Desse tala vise oppmoding og vedtak for personar som har fått innvilga opphald og skal få busette seg i ein kommune.

For 2016 er opphavelag oppmoding auka med om lag 100 personar for Møre og Romsdal. Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) har også for første gong i ny oppmoding spurt dei fleste kommunane om å ta imot einslege mindreårige flyktingar (EM). For kommunane er busetting av flyktingar ein frivillig oppgåve, og det er kommunane som vetar kor mange flyktingar dei ønskjer å busette.

Førebels har kommunane fatta vedtak om å busette 600 personar i 2016.

Ved utgangen av oktober 2015 var det om lag 5000 flyktingar, på nasjonalt nivå, som har fått innvilga opphald og som ventar i mottak på busetting.

Fylkesmannen ber kvar kommune om å følgje oppmodinga frå IMDi om busetting av flyktingar som allereie har fått opphald.

Kjelde:

<http://www.imdi.no/no/Bosetting/>

Møre og Romsdal				
2015		2016		
Oppmoding	Vedtak om busetting	Opphavelag oppmoding	Ny oppmoding (EM)	Vedtak om busetting
739	686	977	1073 (276)	600



# Folkehelse



Folkehelsearbeidet er samfunnets felles innsats for å ta vare på, betre og fremme folks helse og redusere faktorar som kan medføre helse-tilstanden i befolkninga og korleis helse fordeler seg mellom ulike sosiale lag i befolkninga. Folkehelsearbeidet skal òg medverke til utjamning av sosiale helseforskjellar.

Målet med folkehelsearbeidet er fleire levekår med god helse for den einskilde og reduserte sosiale helseforskjellar i befolkninga. Folkehelsearbeid kan forankrast i fem hovudprinsipp:

- Utjamning
- Helse i alt vi gjer
- Berekraftig utvikling
- Førre-var-prinsippet
- Medverknad.

Dette stiller krav om ei brei tverrfagleg og tverrsektoriell tilnærming.

Folkehelselova stiller krav til kommunen om å ha nødvendig oversikt over helse-tilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på helsetilstanden. Oversikta skal vere med i grunnlaget for mål, strategiar planar og tiltak i kommunen, og slik bidra til å gjere folkehelsearbeidet meir kunnskapsbasert og treffsikkert.

Oversiktsarbeidet vil gi kunnskap om faktiske forhold, ressursar og utfordringane lokalt. Først når kommunane har oversikt over faktiske forhold kan desse påverkast gjennom planlegging, forvaltning og tiltak.

Kommunane skal utarbeide eit samla oversiktsdokument kvart fjerde år og i tillegg gjere eit jamleg oversiktsarbeid. Etter det Fylkesmannen er kjend med har 23 av 36 kommunar utarbeidd eit slikt oversiktsdokument, eller har kome godt i gang med dette arbeidet. God oversikt er ein del av kommunane sitt heilskaplege ansvar for folkehelsa. For kommunar som ikkje er komne i gang, må leiinga i kommunen legge til rette for at denne oppgåva blir ivare- tatt. Fylkeskommunen har utarbeidd rapporten «Utviklingstrekk i Møre og Romsdal» som kunnskapsgrunnlag for arbeidet med oversikt og oversiktsdo- kument.

Gjennomgang av folkehelseprofilane [www.fhi.no](http://www.fhi.no) viser forskjellar mellom kommunane. Eit eksempel på dette er fråfall i vidaregåande skule. Fylkes- gjennomsnittet er 21 %. Fråfall omfat- tar dei som ikkje har bestått eit/fleire fag og difor ikkje har nådd studie- eller yrkeskompetanse etter 5 år, og elevar som sluttar underveis, i prosent av dei som starta på grunnkurs i VGS. Statistikken viser store forskjellar mellom kommunane, halvparten av kommunane har 21% fråfall eller lågare, og halvparten av kommunane har 22% eller høgare.

Ikkje alle kommunane i Møre og Romsdal er vertskommune for vidare- gåande skule. Men alle kommunane har ungdom som går i vidaregåande skule. Fråfall har vore stabilt over år, sjølv om det har vore mange tiltak innan dei vidaregåande skulane for å hindre fråfall. Forsking og undersøkin-

gar viser at fråfall også i stor grad heng saman med forhold utanfor skulen. Det er mange og samansette forhold som påverkar skuleprestasjonar for ungdomane. Blant anna er den sosiale gradienten i fullføring av vidaregåande skule tydeleg. Forskjellar i den sosi- ale gradienten er foreldre sitt utdan- ningsnivå. Dess høgare utdanning foreldra til ungdomen har, dess større er gjennomføringsgraden for ungdo- mane i vidaregåande skule. I tillegg er det teikn på at helse kan ha betydning for både skole prestasjonar og fråfall, som påverkar utdanning og yrkeskar- riere på sikt. Dårleg kjensle av å meis- tre, låg motivasjon, dårleg sjølvbilde og psykisk helse ser spesielt ut til å vere ei samankopling for ungdom som står i fare for å avbryte skulegang.

Konsekvensar av sviktande skulegang og fråfall frå vidaregåande skule heng saman med helse- og levekårsproblem seinare i livet. Det er større sjansar for å hamne utanfor eller i marginal posi- sjon i arbeidslivet, og sjansane for å vere arbeidssøkar og vere avhengig av offentleg støtte er mykje høgare i denne gruppa enn i andre utdanningsgrupper.

Målet må vere å redusere fråfall gjennom tidlege tiltak og kontinuerleg innsats over tid som startar før ungdomane kjem i vidaregåande skole.



# Plansamordning

## kommunal planlegging



### Kontaktperson

Samordnar  
Sveinung Dimmen  
Tlf: 71 25 84 20 Mob: 481 49 056  
sveinung.dimmen@fylkesmannen.no



### Kontaktperson

Fagsjef- plansamordnar  
Jon Ivar Eikeland  
Tlf: 71 25 84 68 Mob: 416 64 068  
jon.ivar.eikeland@fylkesmannen.no

Fylkesmannen har flere roller og oppgaver innan planlegging etter plan- og bygningslova (pbl). Ei viktig oppgåve i planprosessar er å formidle nasjonal politikk innanfor viktige fagområde, der arealpolitikk og miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnsstryggleik står sentralt. Fylkesmannen skal sjå til at nasjonale og regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet, og elles også sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

### Planlegging som verktøy for samfunnsutvikling og samfunnsendring

Kommunal planlegging skal etter pbl samordne både fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle forhold. Kommunal planlegging er i lys av dette eit viktig verktøy for utvikling og styring både av kommunen som samfunn og kommunen som organisasjon. Eit viktig prinsipp i pbl 2008 er ei sterkare kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen.

### Nye nasjonale forventningar og ny runde med regionale og kommunale planstrategiar

Mange av dei politiske styringssignala frå den nye regjeringa er samla og systematisert i dei [nye nasjonale forvent-](#)

[ningane til regional og kommunal planlegging](#) vart vedtatt ved kongeleg resolusjon 12.06.2015.

Forventningane er knytt til tre hovudtema:

- **Gode og effektive planprosessar**
- **Berekraftig areal- og samfunnsutvikling**
- **Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde**

Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgaver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg særleg vekt på i åra framover. Dokumentet er retningsgivande for regional og kommunal planlegging, men er likevel ikkje uttømmende for alle oppgaver og omsyn som fylkeskommunane og kommunane skal ivareta etter plan- og bygningslova. Dokumentet må derfor sjåast i samheng med gjeldande regelverk og rettleiing.


Forventningsdokumentet legg elles viktige rammer og føringar for arbeidet med ny runde med regionale og kommunale planstrategiar. Dette arbeidet vil også kunne inngå som eit viktig verktøy knytt til det pågåande kommunereformarbeidet og til det utgreiingsarbeidet som kommunane er pålagt å utføre i samband med dette. Alle fylkeskommunar og kommunar skal ha fastsett sin planstrategi seinast

innan eitt år etter konstituering av nye fylkesting og kommunestyre etter fylkestings- og kommunestyrevalet hausten 2015.

### Større vekt på strategisk og tverrsektoriell planlegging

Alle kommunar er pålagt å utarbeide ein overordna kommuneplan; jf pbl §11. Kommuneplanen skal innehalde ein samfunnsdel og ein arealdel. Behovet for oppdaterte kommuneplanar er peika på som eit viktig vilkår for å sikre kommunane både handlingsrom og styringsevne.

Fylkesmannen har ei særskilt oppgåve med å sjå til at kommunane har oppdaterte kommuneplanar. Gjennom førre runde med planstrategiarbeid varsla dei fleste kommunane i fylket oppstart med hovudrullering av sine kommuneplanar i løpet av planperioden 2011 - 2015. Status i dag viser at dei fleste av kommunane er godt i gang med slik rullering, og nokre har også fått gjort vedtak om nye, oppdaterte planar. Samla inngår dette som eit viktig verktøy for samfunnsstyring og tenesteproduksjon; sjå tabell.









**Tabell: Status for rullering av kommuneplanens samfunns- og arealdel**

Kommune	Status gjeldande K-plan; vedtak		Rullering av K-plan; oppstart 2012 - 2016	
	Samfunnsdel	Arealdel	Samfunnsdel	Arealdel
Aukra	2011	2006	2015	2012
Aure	2008	2008	0	2012
Averøy	2009	2009	2013	2013
Eide	2004	2005	2013	2014
Fræna	2005	2003	2015	2012
Giske	2009	2009	2013	2015
Gjemnes	2003	2003	2015	2013
Halsa	1998	1998	2012	2012
Haram	2007	1999	2013	2013
Hareid	2006	2012	2016	2012
Herøy	2001	2004	2012	2012
Kristiansund	2007	2011	2012	2012
Midsund	2011	1997	0	2014
Molde	2002	2010	2012	2014
Neset	2012	2012	2012	2012
Norddal	2007	2012	2014	2016
Rauma	2006	1995	2012	2013
Rindal	2011	2002	2014	2013
Sande	2009	2002	0	2012
Sandøy	2011	?	?	2012
Skodje	2007	2007	2012	2013
Smøla	2007	2008	2012	2012
Stordal	manglar	2003	2014	?
Stranda	manglar	1992	2014	2013
Sula	2011	2006	0	2013
Sunndal	2007	2007	2012	2012
*Surnadal	2009	2007	2013	2013
Sykkylven	2011	1989	0	2012
Tingvoll	2007	2007	2013	2013
Ulstein	2009	2011	2015	2015
Vanylven	2009	1993	?	2012
Vestnes	2006	2006	2013	2013
Volda	1997	1990	2013	2013
Ørskog	2007	2006	2014	2012
Ørsta	1999	1991	2012	2012
Ålesund	2008	2008	2013	2014
MR fylkeskommune	Fylkesplan 2012		Fylkesplan 2016	





## Særleg søkelys på barn og unge

Fylkesmannen har i sine høyringsmerknader i plansaker utfordra kommunane i forhold til å ta særskild omsyn til barn og unge sine interesser. Dette omfattar m.a. krav til gode og trygge oppvekstmiljø gjennom tilrettelegging og opparbeiding av leikeplassar, friareal og gang- og sykkelvegar. Meir konkret kjem fokus på barn og unge sine interesser til uttrykk også ved at dette er det tema/saksområde som Fylkesmannen oftast har reist motsegn til i arealplansaker.

## Færre plansaker, men fleire dispensasjonssaker

Fylkesmannen er ein viktig høyringsinstans for kommunale plan- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova. Statistikken for behandla plan- og dispensasjonssaker (ekspedisjonar) viser at talet på saker har halde seg relativt stabilt dei siste åra og har eit samla omfang på om lag 1100-1200 ekspedisjonar. Dette fordeler seg med om lag 500-600 ekspedisjonar knytt til plansak (omfattar kommuneplanar, kommunedelplanar og reguleringsplanar) og om lag 550 - 650 dispensasjonssaker. Førrebels tal for 2015 viser nedgang i tal på reguleringsplansaker i forhold til 2014, medan tal på dispensasjonssaker har auka. Dette avspeglar den økonomiske krisa vi er inne i med nedgang i sysselsetting, noko som påverkar aktiviteten på plansida.

## Motsegn og mekling

Statlege og regionale organ kan fremje motsegn (innsigelse) mot kommunale planar som er i strid med viktige regionale og nasjonale interesser. Fylkesmannen vil kunne gripe inn i kommunal arealforvaltning ved å varsle eller fremje motsegn, og ved å klage på vedtak i dispensasjonssaker. For meir

om motsegn i plansaker etter plan- og bygningslova kan det visast til eit eige [rundskriv H-2/14](#).

Her blir det m.a. peika på at:

- Flest mulig saker skal løysast så tidleg som råd
- Sørge for tidleg medverknad og dialog
- Viktige interesser skal kome fram så tidleg som mulig
- Rask og effektiv saksbehandling
- Hensynet til lokaldemokratiet skal tilleggst større vekt
- Motsegn skal berre fremjast når nødvendig og skal alltid grunnvist konkret
- Fylkesmann og fylkeskommune skal samarbeide og samordne motsegner m.a. gjennom bruk av planforum og gjennom mekling

Fylkesmannen har i 2015 fremma motsegn til 66 planar (55 reguleringsplanar og 11 kommuneplanar). I høve til det samla talet på plansaker samla er det likevel få motsegner. I forhold til kommuneplanens arealdel vil det oftast vere knytt motsegn både til ulike tema og delområde i samband med første gangs offentleg høyring. Omfanget og kompleksiteten i slike overordna planar tilseier at det her meir unntaksvis vil vere planar utan motsegn. Fylkesmannen har her oppmoda kommunen til å gå i vidare dialog med motsegnsinstansane for å finne løysingar utan å gå vegen direkte om formell mekling.

## Nauststorleik eit omstridt tema i 2015

Fylkesmannen har dei siste åra fremma motsegn til nauststorleik i fleire enkelt saker og det har vore gjennomført meklingar knytt til dette. Kommunane har i hovudsak retta seg etter Fylkesmannen sine råd om maksimal nauststorleik på 40 m<sup>2</sup>. Høgda vil kunne reduserast, noko som gjer det enklare


å få til ei god landskapstilpassing. Med redusert grunnflate og høgde vil det ikkje vere mogleg å innreie andre etasje til overnatting.

Tilgang til urørd strandsone nær byar og tettstadar er i dag i ferd med å bli sjeldan vare. På trass av at plan- og bygningslova set byggeforbod i 100-metersbeltet blir det bygd mykje rundt om i fylket. Sjølv om enkelt saker i seg sjølv ikkje alltid er veldig konfliktfylte, vil summen av all bygginga på sikt medføre at det blir lite tilbake av urørd strandline som ut frå topografien er tilgjengeleg for allmenn ferdsel og opphald. Fylkesmannen meiner ein ikkje kan halde fram med å bygge naust etter båtstorleiken som over tid har blitt stadig større. Store båtar må ligge ute i småbåthamner heile året eller lagrast på land i lagerhallar/båthotell.

I samband med framlegg til kommuneplan for Herøy hausten 2014 ønskte kommunen nauststorleik på 60 m<sup>2</sup>, medan Fylkesmannen heldt fast på 40 m<sup>2</sup>. Saka gjekk til mekling, men utan at ein kom til semje. Saka vart på bakgrunn av dette oversendt Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd i desember 2014. I brev frå departementet av 02.07.2015 fekk Herøy kommune medhald. Vedtaket innebar at det i kommunen kan opnast for naust med storleik på inntil 60 m<sup>2</sup> BRA.

Departementet si avgjerd i Herøysaka viser at spørsmålet om nauststorleik må vurderast frå sak til sak avhengig av dei lokale tilhøva i den enkelte kommune. Vedtaket skaper ikkje presens for nauststorleik, men er med å legge føringar for kva moment som skal vektleggast i andre kommunar.

Departementet held fast ved at grunnlaget for dei statlege planretningslinene



er at den nasjonale strandsonepolitikken skal tilpassast lokale tilhøve og at arealbruken skal vurderast konkret ut frå tilhøva på staden. Kommunar som ønsker andre løysingar enn Fylkesmannens naustråd må gjere greie for at ein i kommunen har ein situasjon og eit behov som gjer at ein kan opne for dette. Vi forventar då at kommunane har kartlagt viktige verdiar innan naturmangfald, landskap, friluftsliv og kulturmiljø. Fylkesmannen vil då i større grad enn før legge vekt på om kommunen er i ei slik særstilling at andre løysingar enn naustråda vil vere riktig.

### Møre og Romsdal med i forsøksordning med samordning av statlege motsegn

Dei siste åra har det vore debatt om praktiseringa av det s.k. motsegnsinstituttet. Som eit resultat av dette er det sett i gang prøveordningar med utvida oppgåver/fullmakt til Fylkesmannen knytt til samordning av statlege motsegner. Dette er organisert som [tre-årige pilotprosjekt](#) i 12 fylke.

Målet er å medverke til ei effektivisering av kommunane sitt planarbeid og at dialogen med statlege sektormyndigheiter skal bli enklare. Rettleiing om


nasjonal politikk/mulig grunnlag for motsegn skal formidlast så tidleg som råd i planprosessen. Dette vil kunne redusere talet på motsegner.

Forsøksordninga med samordning av statlege motsegner i plansaker starta 1. september 2013 og omfatta seks fylke. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er med blant 6 nye fylke som frå 01.04.2015 deltar andre fase av forsøket. Prosjektet skal vare t.o.m. 31.12.2016. Rammene for forsøket har direkte og indirekte verknader for alle ledd i planprosessen.

Den praktiske gjennomføringa av forsøksordninga er lagt opp litt ulikt frå fylke til fylke. Hos FMMR er det tatt utgangspunkt i eksisterande modell for plansaksbehandling. Det er berre i saker der andre statstatar har motsegn at Fylkesmannen samordnar dette i eit felles brev til kommunane.

Erfaringane så langt er jamt over positive vurdert både frå kommunane, involverte statsetatar og Fylkesmannen si side. Største utfordringane så langt er knytt til knappe tidsfristar i høyringsfasen. Statens vegvesen er den av statsetatane som oftast er part i sakene. Med tanke på erfaringsutveksling og læring knytt til forsøket er det oppretta eit eige nasjonalt nett-

verk under leing av Kommunal- og moderniseringsdepartementet og med deltakarar frå alle dei 12 forsøksfylka. Forsøksordninga skal seinare evaluerast med tanke på at dette vil kunne bli ei permanent ordning.



# Justis og beredskap



## Kontaktperson

Direktør  
Helge Mogstad  
Tlf: 71 25 84 44 Mob: 926 42 280  
helge.mogstad@fylkesmannen.no



## Kontaktperson

Ass. direktør  
Janne Woie  
Tlf: 71 25 38 Mob: 986 58 289  
janne.woie@fylkesmannen.no

Avdelinga har ei svært brei oppgåveportefølje der både samfunnstryggleik og rettstryggleik ligg i botn for alt vi gjer. Justisdepartementet er vår største oppdragsgjevar, og Kommunal- og moderniseringsdepartementet den nest største. I tillegg til ein del mindre oppdrag frå fleire andre departement, gjer denne oppgåveportefølja avdelinga til ein spennande stad å arbeide for avdelinga sine 25 tilsette.

I andre halvår i 2015 har tilstrøyminga av asylsøkjjarar medført mykje arbeid for avdelinga. Dette saksfeltet har

involvert både verjemål, beredskap og søknadsbehandling om fri rettshjelp. Juristanepåavdelingahari2015 deltekei Fylkesmannen sitt arbeid med kommunereforma.

Første oktober 2015 fekk vi ny fylkesberedskapssjef og ved utgangen av 2015 er vi ferdig med alle tilsyna med kommunane om den kommunale beredskapsplikta.

Dei siste åra har vi hatt høgt fokus på å få ned saksbehandlingstida på klagesakene. Dei grepa som har blitt tatt på

det området, har resultert i at vi no greier den fastsette saksbehandlingstida på tre månader. I 2015 kom det forenklingar i plan- og bygningslova, og vi har arrangert kurs for kommunane om desse endringane.

Alle einslege mindreårige asylsøkjjarar skal ha oppnemnt ein representant/verje. Fylkesmannen har gjennomført opplæring for desse, og det har vore ei utfordring å skaffe nok representantar i dei kommunane som har asylmottak for einslege mindreårige asylsøkjjarar.





#### Kontaktperson

Fylkesberedskapssjef  
Stine Sætre  
Tlf: 71 25 84 85 Mob: 952 24 419  
stine.saetre@fylkesmannen.no

## Beredskap

### Reviderte planer for fjellskredberedskapen

Dei overordna beredskapsplanane for fjellskred frå Åkneset, Hegguraksla og Mannen er reviderte, og det er no klart for revisjon av dei einskilde aktørane sine planverk.

Dei siste åra er det arbeid regionalt med ein hovudrevisjon av beredskapsplanverket knytt til store fjellskred. Arbeidet tek utgangspunkt i «Nasjonal beredskapsplan for fjellskred» som var ferdigstilt i mai 2015. Den nasjonale planen gir ei felles ramme for korleis fjellskredberedskapen skal etablerast og driftast, og på bakgrunn av denne er det no laga nye overordna regionale planar (objektplanar) for alle tre fjellskredobjekta i fylket. Det er etablert meir detaljerte konsekvensanalysar, og evakueringssonene er revidert på bakgrunn av dei siste berekningane av skredvolum og oppskyllingshøgder frå 2011 (Åknesrapport 05, 2011).

Dei nye planane gir føringar for alle aktørane i fjellskred-beredskapen, og tida er no klart for ein revisjon/tilpassing av alle aktørane sine eigne planer. Målet er at beredskapen skal testast i øving Åknes 2016, 7. og 8. september, i samband med årets Åkneskonferanse.

### Tryggleik

#### God kunnskap og medvit i kommunane

Hovudinstrykket etter tilsyna med kommunane sitt beredskapsarbeid er høgt medvit og god kunnskap om

kommunen sine plikter og ansvar ved ekstraordinære hendingar. Med få unntak er også pålagde beredskapsplanar på plass.

Kommunane sitt ansvar for samfunnsstryggleik og beredskap i lokalsamfunnet vart formalisert gjennom sivilbeskyttelseslova som vart vedteken i 2010 og forskrift om kommunal beredskapsplikt som kom i 2011. Gjennom forskrifta fekk også Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med kommunane si oppfølging av beredskapsplikta. Fylkesmannen førte tilsyn med 10 kommunar i 2013, 11 kommunar i 2014 og 13 kommunar i 2015. Dei to siste kommunane får besøk i første halvdel av januar 2016, og då har vi vore i alle kommunane etter at ny lov vart iverksett.


Hovudinstrykket etter tilsyna er at det er høgt medvit og god kunnskap om plikter og ansvar ved ekstraordinære hendingar i kommunane. Med få unntak er også pålagde beredskapsplanar på plass. Størst forbedringspotensial er det når det gjeld utarbeiding av risiko- og sårbarheitsanalysar og heilskapleg, risikobasert arbeid – med klare samanhengar mellom lokalt risikobilde, overordna kommuneplanlegging, førebygging av risiko, beredskapsplanlegging og øving.

Fem av kommunane vi førte tilsyn med i 2013, 2014 og 2015 fekk ikkje avvik. Dette var Stordal, Vestnes, Surnadal, Kristiansund og Molde. Tilsynsrapporteringa viser at 29 av 34 kommunar fekk eitt eller fleire avvik – definert som

manglande oppfølging av pålegg gitt i lov eller forskrift. Vidare ser vi at 15 av 34 kommunar manglar heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse. Fylkesmannen er likevel positivt overraska over at fleire av kommunane berre fekk små avvik – nærast på detaljar. Og dessutan: at dei kommunane som har noko meir å gå på, alle brukte tilsyna på ein offensiv måte – gjennom aktivt å bidra til at tilsyna fungerte som statuskartleggingar som dei sjølve kan bruke i eige forbedringsarbeid.

Tilsynsrapportane er tilgjengelege på fylkesmannen sin nettstad.

Rapportane blir publiserte der etter kvart som dei er klare.





### Kontaktperson

Seniorrådgivar  
Ann Lilly Inderhaug Orvik  
Tlf: 71 25 85 35 Mob: 959 21 410  
ann.lilly.orvik@fylkesmannen.no

# Verjemål

Fylkesmannen i Møre og Romsdal forvaltar i dag i overkant av 800 millionar kroner fordelt på snart 3700 verjemål, mot 2600 verjemål og 400 millionar til forvaltning 1. juli 2013 då vi tok over oppgåva. Arbeidet med verjemål er svært omfangsrikt. Pr 01.12.2015 har vi motteke over 13000 innkomne dokument. Oppgåva krev at fylkesmannen har nok verjer til å utføre verjeoppdraga.

## Framleis behov for verjer

I 2015 har hatt utfordringar med å rekruttere nok verjer. Fylkesmannen har eit ansvar for å ha eit fast verjekorps som tek oppdrag som verje. Dette krev igjen at folk melder seg til oppdrag. Det er ei utfordring å finne tilstrekkeleg med verjer i deler av fylket, og Fylkesmannen arbeider stadig med dette.

Oppdraget som verje er variert. Du kan vere verje/representant til ein einsleg mindreårig asylsøkjjar. Du kan vere verje til ein eldre dement person på sjukeheim, ein som er rusavhengig, ein med psykisk lidning, eit barn utan foreldre eller ein person med psykisk utviklingshemming.

Verjene får opplæring av Fylkesmannen slik at dei er godt rusta til å utføre oppdraget som verje. Vidare skal Fylkesmannen rettleie verjene undervegs i oppdraga samt gje godkjenning til større disposisjonar, til dømes sal av eigedom. Fylkesmannen har også eit tilsynsansvar ovanfor verjene.

## Ansvar for eiga framtid

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har hatt ei auke i talet på verjemål frå år til år. Få veit om dei nye moglegheitene til å unngå innblanding frå det offentlege når ein sjølv ikkje er i stand til å ta hand om sine egne interesser. Istaden for at Fylkesmannen opprettar verjemål, kan dei som er i stand til det skrive ei framtidfullmakt. Dette er eit alternativ for den som ønskjer å ordne tilhøva sine sjølv for framtida. På dette viset vil ein kunne sørgje for at ein får det slik som ein ønskjer når en i framtida ikkje er i stand til å ta egne avgjersler.

Dersom det ikkje er oppretta ei framtidfullmakt, vil dei pårørande kunne nytte ei såkalla legalfullmakt. Dette er ei fullmakt som gir dei pårørande ein formell kompetanse til å representere nærstå-

ande i daglegdagse gjeremål på det økonomiske området, utan at det er oppnemnt verje.

Fylkesmannen legg til grunn at desse alternativa vil verte eit godt alternativ til offentlig verjemål etter kvart som ordningane vert meir kjent.

## Einslege mindreårige asylsøkjjarar

Fylkesmannen er også ansvarleg for at alle einslege mindreårige asylsøkjjarar som kjem til fylket får oppnemnt ein representant/verje. I Møre og Romsdal var det per 1. januar 2015 eit asylmottak som husa 30 einslege mindreårige asylsøkjjarar. Ved årsslutt er det 230 plassar fordelt på 4 mottak. Det er vidare meldt om eit nytt mottak i Halså kommune som skal huse 45 einslege asylsøkjjarar, og eit i Herøy kommune som skal huse 60. Desse vert tatt i bruk ved årsskiftet. Vi har arrangert kurs for både verjer og representantar i 2015. Dette vil vi også gjennomføre i 2016.



#### Kontaktperson

Fagkoordinator plansaker  
Frida Farstad Brevik  
Tlf: 71 25 84 51 Mob: 976 47 729  
frida.farstad.brevik@fylkesmannen.no



#### Kontaktperson

Fagkoordinator byggesaker  
Bente Thornes Kosberg  
Tlf: 71 25 84 78 Mob: 913 18 264  
bente.thornes.kosberg@fylkesmannen.no

# Klagesaksbehandling

## Plan- og bygningslova

Viktige satsingsområde for regjeringa er mellom anna ei enklare plan- og bygningslov, og eit sterkare fokus på det kommunale sjølvstyret. Stortinget vedtok i 2014 endringar i byggesaksdelen i plan- og bygningslova der nettopp omsynet til å oppnå ei enklare lov er framheva. Dette vart iverksett 01.07.2015 og det vart i forkant halde kurs i det nye regelverket for saksbehandlarar i kommunane.

Hausten 2015 var forslag om ytterlegare forenklingar i plan- og bygningslova ute på høyring. Forslaget gjeld mellom anna ei forenkling av reglane for kommunale planprosessar og endring av dispensasjonsreglane.

Fylkesmannen har i 2015 oppnådd ei ytterligare forbetring av vår behandlingstid. Vi er no innanfor lovbestemt behandlingstid på 12 veker for byggesaker. Vi vil i 2016 fortsette å ha fokus på saksbehandlingstida.

Fylkesmannen har behandla 252 klagesaker etter plan- og bygningslova i 2015. I 61 av sakene har klagen blitt tatt til følge. I tillegg har vi behandla 3 klagesaker som gjaldt oreigning etter plan- og bygningslova.

Fylkesmannen har så langt mottatt få spørsmål kring dei nye reglane og det er for tidleg å gjere seg opp ei mening om verknadane av regelendringane.

Fylkesmannen ønskjer å vere ein aktiv bidragsytar til byggesaksnettverka i fylket. I 2015 deltok vi med innlegg ved byggesaksnettverk på Nordmøre, Sunnmøre og Romsdal.

## Offentleglova i 2015

I 2015 har Fylkesmannen behandla 7 klagesaker etter offentleglova. Ei sak gjaldt krav om innsyn i alle kommunetilsette si løn, kilometergodtgjering, diett, telefongodtgjering, reiseutlegg og administrativ forpleiing for mars månad. Her vart kommunane sine vedtak endra, slik at innsyn vart gitt.

Ei sak gjaldt innsyn i styreprotokollar og om desse inneheldt opplysingar om nokon sine personlege forhold. I denne saka vart kommunen sitt vedtak delvis endra, slik at det vart gitt innsyn i delar av det som tidlegare hadde vorte unntatte frå innsyn.

Ein sak gjaldt innsyn i interne dokument i ein kommune. I denne saka stadfesta Fylkesmannen kommunen sitt vedtak, og innsyn vart ikkje gitt.

Fylkesmannen har også behandla 2 saker om innsyn i telefonloggar som inneheldt dato og tid, inkludert SMS-kontakt, mellom mobiltelefon og kontortelefon for rådmann og ordførar i to ulike kommunar. I denne saka vart kommunen sine vedtak stadfesta, innsyn vart altså ikkje gitt.

I tillegg har Fylkesmannen behandla sak om innsyn i SMS-kontakt mellom ein ordførar og visse namngitte personar. Fylkesmannen hadde ikkje tilgang til SMS-ane.

	<b>Kontaktperson</b>
	Fagansvarleg Tove Røberg Tlf: 71 25 84 45 Mob: 952 50 353 tove.roberg@fylkesmannen.no

## Separasjon og skilsmisse

Fylkesmannen i Møre og Romsdal behandlar separasjon- og skilsmisseyve etter ekteskapslova. Talet på oppløyste ekteskap ligg jamt frå år til år i Møre og Romsdal. Totalt tal på separasjon- og skilsmisssaker: 960 saker i 2015 (mot 1005 saker i 2014). Totalt tal på utanlandske skilsmisser er 50 saker i 2015 (mot 83 saker i 2014).

## Fri rettshjelp

I 2015 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal motteke 921 (pr. 03.12) søknader frå advokatar, tolkar og privatpersonar i høve saker om fritt rettsråd (utanomrettsleg bistand) og 131 (pr. 03.12) søknader knytt til fri sakførsel. Talet på saker ligg på same nivå som i 2014, men ein ventar ei auke i saksmengda for 2016 i samband med auka tilstrøyming av asylsøkjjarar.

Fri rettshjelp er ei statleg ordning for å sikre at personar med svak økonomi ikkje skal lide rettstap. Ordninga inneber at staten tar rekninga til advokat-hjelp. Dei prioriterte saksfelta er familiesaker (felleseigeskifte/økonomisk oppgjør etter sambuarskap og saker etter barnelova). Personskadeerstatning, klage etter folketrygdlova, oppseiing av arbeidsforhold og leieforhold etter arbeidsmiljølova og husleigelova.

For å kunne få fri rettshjelp må ein som einsleg ikkje ha ei årleg bruttoinntekt på over kr 246.000, og ektefellar/sambuarar med samla årleg bruttoinntekt på under kr 369.000. Nettoformuegrensa er satt til kr 100.000.

Det er i tillegg høve til å søke om fritt rettsråd på alle saksområde etter unntaksreglar, og døme på slike saker kan være barnevernssaker, gjeldssaker og sosialsaker.

Ordninga har og saksområde som ikkje er økonomisk behovsprøvd.

Dei viktigaste er: klage i asylsaker, erstatning for urettmessig straffeforfølgning og bistand til personar utsett for vald. I saker for einslege mindreårige asylsøkjjarar ser ein at saksmengda i 2015 har dobla seg.

Fylkesmannen har i 2015 totalt utbetalt kr 3 790 486,42 gjennom ordninga med fri rettshjelp. Av dette beløpet er kr 580 991,66 salær for kontrollkommissjonen. kr 225 646,43 av beløpet er utgifter til tolk, i hovudsak asylsaker. Resterande kr 806 638,09 - er salær til advokatar i fritt rettsråd saker.

## Trudoms- og livssynssamfunn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har totalt 36 registrerte trudoms- og livssynssamfunn pr. 01.01.2016. 29 av trudomssamfunna er registeret med forstandar som har vigselsrett. Dei fleste av desse er pinsemenigheter.

Møre og Romsdal har tre muslimske trudomssamfunn, eit buddhistisk og eit hinduistisk. Statstilskottet pr. medlem for registrerte trudomssamfunn var i 2015 på kr 486,-. I 2015 er det samla utbetalt i overkant av 2,5 millionar kroner i statstilskott.

## Oskespreiing

Talet på søknader om oskespreiing er stabilt.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal behandla 67 saker (pr.03.12) om oskespreiing. Dette er om lag same mengd som i 2014. Årsaka til at personar vel å nytte ordninga kan vere at den er betre kjent, familiestrukturane er i endring, folk flyttar meir og at folk ikkje ønskjer å etterlate seg gravminne.

Løyve til oskespreiing er avgrensa til å gjelde på ope hav eller på høgjellet. På fjellet føreset ein at området der handlinga skal utførast, har eit aude preg, at det ikkje er turstiar, vasskjelder, hytte eller fritidsbusetnad på staden.

Dei fleste sakene er førehandsøknader der søkjar sjølv ber om løyve til spreiiing av oske etter død og kremasjon. Nære pårørande kan og søke på avdøde sine vegne. Det må då godtgjerast at den avdøde sjølv har hatt eit klart ynskje om spreiiing av oska. Ynskje om oskespreiing kan vere skrivne dokument, eller at fleire nære pårørande, kan stadfeste at avlidne har ynskja spreiiing av oske for vinden.



År	Separasjon	Skilsmisse	Tal på inngåtte ekteskap i Møre og Romsdal
2015	516	444	Ikkje tilgjengeleg p.t.
2014	525	480	1039
2013	573	427	1059
2012	520	455	1104
2011	476	438	1045
2010	573	448	1077



# Miljøvern



## Kontaktperson

Direktør  
Linda Aaram  
Tlf: 71 25 84 23 Mob: 975 03 185  
linda.aaram@fylkesmannen.no



## Kontaktperson

Ass. direktør  
Ulf Lucasen  
Tlf: 71 25 84 24 Mob: 480 22 090  
ulf.lucasen@fylkesmannen.no

Fylkesmannen skal medverke til gjennomføring av den nasjonale miljøvernpolitikken. Arbeidet er forankra i lover, forskrifter og retningslinjer. Miljøvern-departementet og Miljødirektoratet er oppdragsgjevarar i dette arbeidet.

Kommunane står sentralt i miljøvern-arbeidet. Rettleiing og oppfølging av kommunane er ei viktig oppgåve for Fylkesmannen. Vi samarbeider også nært med andre statlege styresmakter, fylkeskommunen og frivillige organisasjonar.

Fylkesmannen har ei viktig rolle for å medverke til ei berekraftig utvikling gjennom si oppgåve med å samordne ei rekke samfunnssektorar på regionalt nivå. Fylkesmannen har eit overordna miljøansvar, samtidig med eit eige resultatansvar på forureinings-, naturforvaltnings- og planområdet.

## Midlar til miljøtiltak for 2016

Det er meir enn 30 ulike tilskotstypar innafør tema naturforvaltning, friluftsliv, kulturminnevern, forureining og klima.

## Tilskot til opprydding i marin forsøpling

Målgruppa for denne tilskotsordninga er frivillige organisasjonar og statlege, kommunale og fylkeskommunale føretak eller verksemder, som ideelle stiftingar, interkommunale avfallsselskap og friluftsråd. Søknad skal sendast i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter

Tilskotsordninga skal medverke til å redusere marin forsøpling gjennom å dekke utgifter knytt til opprydding av marint søppel og til førebyggjande arbeid. Hovudfokus er på strandsona, inkludert fjerning av herrelause, kasserte fritidsbåtar. Prinsippet om at forureinar betalar gjeld også for

marin forsøpling, så opprydding der det finst ein ansvarleg for avfallet er ikkje omfatta av ordninga. Målgruppa for tilskotsordninga er frivillige organisasjonar og statlige, kommunale og fylkeskommunale føretak eller verksemder som er organisert som sjølvstendige rettssubjekt, som ideelle stiftingar, interkommunale avfallsselskap og friluftsråd.

Tilskot kan bli gitt til transport og innlevering av marint avfall til godkjend mottak etter opprydding, inkludert opprydding av kasserte fritidsbåtar, og til koordinering av større oppryddingsprosjekt. Vidare kan det søkast om midlar til førebygging av marin forsøpling i Noreg gjennom til dømes nasjonale informasjonskampanjar og undervisningsmateriale.


## Les meir om denne og dei andre tilskotsordningane på:

- <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tilskotsordningar-for-2016/id2460185/>





**Kontaktperson**  
Seksjonssjef  
Jon Ivar Eikeland  
Tlf: 71258468 Mob: 416 64 068  
jon.ivar.eikeland@fylkesmannen.no



**Kontaktperson**  
Seniorrådgivar  
Leif Magnus Sættem  
Tlf: 71 25 84 32 Mob: 932 81 120  
leif.magnus.sattem@fylkesmannen.no

## Sterkt redusert sjøaurebestand

### Sjøaurebestanden redusert med 70 prosent frå midt på 1990-talet

Sjøauren har ikkje hatt same status i sportsfiskemiljøa som laksen, men i dei seinare åra er det mange som har fått interesse for å fiske på denne arten og då spesielt i sjøen. I vårt fylke har vi sett ein dramatisk nedgang i sjøaurebestandane generelt, men spesielt i Driva.

Nedgangen kan ha fleire årsaker, men det er dokumentert gjennom overvaking sidan 1990 talet og fram til i

dag, at lakselus medfører store tap av sjøaure. Heilt fersk forskning frå Romsdalsfjorden viser det same. Det har vore stramma inn i elvane når det gjeld fiske på sjøaure, men dette har ikkje gitt vesentleg effekt.

I sjøen har det også vore stengt for fiske i nokre fjordområde i vårmånadane for å verne om denne arten. Vi meiner det er naudsynt med meir omfattande vernetiltak dersom ein skal unngå at sjøauren blir utrydda i enkelte vassdrag. Spesielt ved dorging frå båt blir det truleg tatt betydelege mengder med sjøaure.

For 2015 ser vi ein svak oppgang i elvefangstane, men i forhold til fangstmengdene på 80-90 talet, er det ein lang veg å gå. Vi viser til to figurar frå Vitskapleg råd for lakseforvaltning rapport nr 7, Råd om beskatning av laks og sjøørret for perioden 2016-2018.


Figur 5.2 Rapporterte fangster (kg) av sjøørret (i elvene og i faststående redskaper i sjøen) i fire regioner av Norge fra 1993 til 2013. Region Sør- og Østlandet omfatter strekningen fra svenskegrensa til og med Vest-Agder, Region Vestlandet omfatter strekningen fra Rogaland til og med Møre og Romsdal, Trøndelag omfatter Sør- og Nord-Trøndelag, mens Nord-Norge omfatter Nordland, Troms og Finnmark.


% -vis endring fra midten av 1990 talet og fram til i dag	
Fylke	Endring i %
Østfold	-30
Akershus/Oslo	-69
Buskerud	49
Vestfold	-16
Telemark	0
Aust-Agder	-62
Vest-Agder	-50
Rogaland	-82
Hordaland	-61
Sogn og Fjordane	-69
Møre og Romsdal	-75
Sør-Trøndelag	-88
Nord-Trøndelag	-51
Nordland	-16
Troms	166
Finnmark	21



RAPPORT FRA VITENSKAPELIG RÅD FOR LAKSEFORVALTNING NR. 7

Figur 5.2





### Kontaktperson

Rådgivar  
Geir Moen  
Tlf: 71 25 84 71 Mob: 971 99 829  
geir.moen@fylkesmannen.no

## Kystlynghei

### Truga naturtype i fokus

Kystlynghei er ein truga kulturbetinga naturtype som i løpet av 2015 har fått status som utvald naturtype. Den nye statusen inneber at det skal leggst auka vekt på å ta vare på naturtypen gjennom berekraftig bruk. Møre og Romsdal er eit viktig fylke for kystlynghei med om lag 95 av dei 625 lokalitetane som er registrerte i Noreg.

Kystlyngheiane er opne beitemarker som er dominert av røsslyng. Dei er skapt etter mange hundreår med sviing og heilårs beitebruk, og er eit av dei eldste menneskeskapte landskapa i Europa.

Store areal av kystlyngheiene i fylket er ute av bruk og i ferd med å gro att, men det er óg gode døme på aktiv skjøtsel med beiting og lyngsviing. Kystlyng-

heiene i Møre og Romsdal er mindre prega av nitrogenedfall enn lengre sør. Dei nordlegaste førekomstane av purpurlynghei i landet finn vi i Haram kommune.

Det at kystlynghei no er utvald naturtype betyr ikkje det same som at kystlyngheiene er verna. Statusen gjev oss derimot høve til å ha eit ekstra fokus på kystlyngheiene både i arealplanlegging og i anna arbeid med landbruks- og miljøspørsmål. Det følgjer også pengar med ein slik status, og dei som vil drive kystlynghei på tradisjonelt vis kan søke om tilskot frå miljø- og landbruksforvaltninga. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har så langt inngått 10-årige skjøtelsavtalar for 9 av lokalitetane i fylket.

Skjøtsel av kystlynghei krev god planlegging og ein må ha særskilt løyve frå Mattilsynet dersom dyr på vinterbeite ikkje har tilgang til husdyrrom. Dyra treng tilleggsfôr og vatn, le for vêt og vind og jamleg tilsyn. Lyngsviing må avklarast med brannvesenet og det må mellom anna takast omsyn til habitat for hekkande fuglar og anna vilt. Ta kontakt med Fylkesmannen om du ønskjer å få utarbeidd skjøtelsplan for kystlynghei.

Norske lyngheiar er særigne i europeisk samanheng, og Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på dei nordlege kystlyngheiene. Truleg har om lag 90 % av kystlyngheiane i Noreg gått tapt sidan tidleg på 1900-talet.





#### Kontaktperson

Seniorrådgivar  
Ola Betten  
Tlf: 71 25 84 76 Mob: 951 11 767  
ola.betten@fylkesmannen.no



### Sjøfuglane i sterk tilbakegang

Fylkesmannen har fått gjennomført sjøfuglkartleggingar i verneområda i fylket. Resultata viser at dei fleste artane er i tilbakegang. Dette er i samsvar med vurderingane i den nye nasjonale raudlista.

Det er kartlagt teist i 10 verneområde på ytre Sunnmøre. Over 100

par oppheldt seg i områda i hekketida, men berre 41 ungar vart talde opp på sjøen.

Gode nyheiter er at makrellterne og raudnebbterne har hatt ein bra hekkesesong på delar av Nordmøre. Desse artane er nesten heilt borte frå tradisjonelle hekkelokalitetar andre stader.

	<b>Kontaktperson</b>
	Fagkoordinator Anne Melbø Tlf: 71 25 85 15 Mob: 977 04 591 anne.melbo@fylkesmannen.no

	<b>Kontaktperson</b>
	Overingeniør Anne Grete Kleven Tlf: 71 25 84 77 Mob: 924 22 185 anne.grete.kleven@fylkesmannen.no

## Avfall på rette vegar

Det er fleire år sidan avfall berre blei lagt på fyllinga. No blir det meste av avfallet gjenbrukt eller gjenvunne. Avfallet blir råvarer som kan brukast på nytt. Men rett handtering av avfall krev god kunnskap og ressursar.

Vi lever godt i Noreg, og aldri har vi vel kjøpt så mykje som vi gjer no. Det blir ein del avfall av eit slikt levesett.

I Noreg har vi vedteke ein strategi for korleis vi skal ta vare på avfallet vårt. Først og fremst er det snakk om å redusere mengda med avfall, dernest å lage nytt av det vi samlar inn. Til slutt er det å brenne avfallet for å ta ut energi, dernest å legge det på fylling, sjå figur 1. I dag er det svært lite som vert lagt på fyllinga, for det meste dreier det seg om brukt blåsesand, betong og anna avfall som ikkje kan brennast.

Nesten kvar dag er det nokon som tek hand om det vi ikkje treng lenger og som vi ikkje lenger ønskjer. Fleire av desse verksemdene er kommunale, men det finst mange som er private også. Avfallsbransjen er ein stor bran-

sje som tek hand om innsamling, sortering og gjenvinning av fleire millionar tonn med avfall kvart år. Med at avfall ikkje lenger berre blir lagt på fyllinga, krevst det meir kunnskap om korleis avfall skal handterast. Avfallsbransjen har derfor sjølv sett i gang kunnskapsprosjektet "Kompetanseløftet 2020". I Møre og Romsdal har avfallsbransjen hatt eit aktivt avfallsforum kor eit av hovudmåla er å spreie kunnskap. I 2016 fyller dette forumet 20 år. Dette forumet var det i si tid Fylkesmannen i Møre og Romsdal som tok initiativ til.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal bidrar til å gjere avfallsbransjen betre og flinkare i den viktige jobben dei gjer. Vi stiller krav på vegne av samfunnet til korleis avfallet skal takast hand om slik at miljøgifter ikkje blir spreidde i naturen. Alle som driv med avfall må ha løyve frå Fylkesmannen for å ta imot og sortere avfall. I 2015 har vi vore på fleire av avfallsanlegga for å kontrollere at dei følgjer vilkåra vi har satt.

Det kostar å ha gode system som skal ivareta alle krava som blir stilt. Det vil difor aldri vere gratis å levere avfall.


Dei som tar imot avfall utan løyve etter forureiningslova gjer dette ulovleg. Sjekk derfor alltid at den du leverar avfall til er ein godkjend aktør. På [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no) finn ein oversikt over alle verksemdar i Møre og Romsdal som har løyve til å ta imot avfall. Verksemdar som har løyve til å ta mot avfall er i stadig utvikling, og leitar stadig etter nye og betre løysingar.

Før du tenkjer å brenne avfallet på eit privat bål, legge det på St.hansbålet eller kaste det på havet, tenk då på at det er viktige råstoff du øydslar vekk. I tillegg kan du vere med på å spreie miljøgifter i naturen.

Avfallsbransjen er på veg inn i framtida. Det bør du vere også, slik at avfall kjem på rette vegar og ikkje på avvegar.

### Sjå meir her:

- [www.miljostatus.no/Tema/Avfall/Avfall-og-gjenvinning/](http://www.miljostatus.no/Tema/Avfall/Avfall-og-gjenvinning/)
- [Miljodirektoratet.no](http://Miljodirektoratet.no)
- [Miljokommune.no](http://Miljokommune.no)
- [Avfallnorge.no](http://Avfallnorge.no)
- [www.avfallsforum.mr.no](http://www.avfallsforum.mr.no)





### Kontaktperson

Seniorrådgivar  
Astrid Buset  
Tlf: 71 25 85 41 Mob: 482 76 798  
astrid.buset@fylkesmannen.no

## Nedgang i talet på sau drept av rovvilt

Fylkesmannen har handsama erstatningssøknader for 1095 sau tappt på beite i 2015. To tredelar av sauene er enten dokumentert eller sannsynleggjørt drept av jerv, gaupe, kongeørn eller anna freda rovvilt, og får rovvilt-skadeerstatning.

Det vert utbetalt 1, 67 millionar kroner for 719 sauer i rovviltskadeerstatning i Møre og Romsdal i år. Dette er 198 færre sauer enn i 2014, då det vart erstatta 917 dyr. Ser ein attende på erstatningane siste ti åra, er det 2007 som står att som eit ekstremår med over 2200 erstatta sauer, medan tapa var lågast i 2012 med 579 erstatta sauer.

Erstatninga er ytt på grunnlag av sannsynleggjørt eller dokumentert skade. 655 sauer er erstatta på grunn av jerveskade, 50 på grunn av gaupeskade, 11 på grunn av kongeørnskade og 3 på grunn av anna freda rovvilt. Rauma og Sunndal er dei to kommunane i fylket med flest rovviltskader. Tapa i desse to kommunane utgjør 67,5 % av det samla utbetalte erstatningsbeløpet for heile fylket. Det er jerven som er den store skadevaldaren i begge kommunane.

Det er svært vanskeleg å finne kada-ver på utmarksbeite, så hovuddelen av erstatninga blir ytt på grunn av at fylkesmannen ser freda rovvilt som den mest sannsynlege årsaka til at tapa er høgare enn det som er rekna som normaltapp. Ingen får erstatta tap av sau innafør

normaltappet så sant dette tappet ikkje er dokumentert av Statens naturoppsyn (SNO).

Det er fleire beiteområde med store sauetap som har fått dokumentert freda rovvilt som skadevaldar gjennom SNO sine kadaverundersøkingar. Tapa er forholdsvis godt dokumenterte i kommunane med store tap til jerv, og sjølv om talet på erstatningssøknader har gått ned i Møre og Romsdal i 2015 samanlikna med fjoråret, er talet på innmeldte kadaver til SNO sine rovvilt-kontaktar gått opp. I år er det ved obduksjon dokumentert at jerv har avliva totalt 40 sauer, gaupe har tatt 10, kongeørn 8 og freda rovvilt 1. I 2014 var det til samanlikning dokumentert 28 jerveskadar, 8 gaupeskadar, 8 kongeørnskadar og 20 ulveskadar.



# Landbruk



## Kontaktperson

Landbruksdirektør  
Frank Madsøy  
Tlf: 71 25 84 00 Mob: 971 71 493  
frank.madsoy@fylkesmannen.no



## Kontaktperson

Ass. Direktør  
Ottar Longva  
Tlf: 71 25 84 02 Mob: 908 62 316  
ottar.longva@fylkesmannen.no

Fylkesmannen har ei viktig rolle for å gjennomføre den nasjonale landbrukspolitikken. Dei overordna måla for landbruks- og matpolitikken er god matsikkerheit, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og at det skal satsast på alternativ næringsutvikling for å gi grunnlag for ei robust og framtidsetta landbruksnæring.

Innanfor rammene for den nasjonale politikken, skal Fylkesmannen i samarbeid med næringa gjere lokale

tilpassingar, og gjennomføre tiltak for å nå måla.

Strukturendringane vi har sett gjennom lang tid har halde fram også i 2015. Talet på aktive føretak går ned, medan gjennomsnittsproduksjonen går opp. Dette er særleg markert for mjølkeproduksjonen, der statistikken no viser 811 aktive føretak.

Vi har bak oss to år med avlingar som ligg godt over normalen. I 2015 vart

det sein slått, men likevel god kvalitet hos dei fleste. Mange har hatt rikeleg med surfør på lager, og har nok spart litt på gjødsla på sisteslått.

Overvintringa har vore god, og det er ikkje meldt om avlingsskadar av noko omfang på nokon kultur dette året. Sauebøndene har meldt om mindre tap i 2015 enn kva som har vore vanleg dei siste åra.



## Kontaktperson

Fagkoordinator  
Marianne Aas Halse  
Tlf: 71 25 84 22  
marianne.aas.halse@fylkesmannen.no

## Stor interesse for å kjøpe mjølkvotefrå staten

258 mjølkeprodusentar i Møre og Romsdal får tilbod om å kjøpe 543 000 liter i mjølkvotefrå staten. Behovet dei melde inn, var over 11 millionar liter. Interessa for å kjøpe mjølkvotefrå staten er stor over heile landet.

På landsbasis får 3 172 søkjarar tilbod om å kjøpe om lag 6,3 mill. liter kumjølkvotefrå staten, det er 10,6 prosent fleire søkjarar enn i fjor. Mjølkeprodusentane ønskte å kjøpe heile 165 millionar liter. Samanlikna med 2014 er kvotemengda kjøparane får tilbod om å kjøpe redusert med 38,1 prosent.

I jordbruksoppgjeret 2014 auka Regjeringa andelen kvote som kunne seljast på den private marknaden frå inntil 50 prosent til inntil 80 prosent, og dobla


mjølkvotetaket til 900 000 liter.

Alle som eig landbrukseigedom kan kjøpe mjølkvotefrå staten og private seljarar. Prisen på kvoten seld til staten – og kjøpt av staten – er 2,50 kroner pr liter. Prisen på privat omsett

kvote er ikkje regulert, og det er opptil kvar einskild seljar og kjøpar å bli einige. Sidan prisen på kvote kjøpt av staten er låg, er det derfor mange som vil kjøpe frå staten. Det ein seljar av kvote for geitemjølk i Møre og Romsdal.







	<b>Kontaktperson</b>
	Fagkoordinator Synnøve Valle Tlf: 71 25 84 28 Mob: 911 83 866 synnove.valle@fylkesmannen.no

## Transport kostar tid og pengar

Mykje av tid- og ressursbruken i landbruket går med til å transportere fôr og gjødsel. Forskingsinstitusjonen Norsk institutt for bioøkonomi (Nibio) har rekna på kva på omfang denne transporten har, og kva den kostar ut på bakgrunn frå to eksempelbygder på Vestlandet.

Eksempla er henta frå mjølkebruk i Klepp i Rogaland og Kvinnherad i Hordaland. Bygdene vart valde ut for å få fram om distriktslandbruket i Kvinnherad skil seg frå tilhøva på flate Jæren. Trass i skilnadene mellom dei to bygdene, viser utrekningane at køyring langs veg ligg omtrent på same nivå i dei to bygdene. I gjennomsnitt ligg samla kostnad for transport av grovfôr og husdyrgjødsel i Klepp på

kr 25,89 per kilometer og kr 23,75 per kilometer i Kvinnherad.

Mange bønder har behov for større areal, og løyser dette gjennom leige av jord. Prosjektet viser at enkelte bruk køyrer svært langt, og det er grunn til å stille spørsmål om andre løysingar kunne fungert betre. Det er muleg å redusere transporten ved for eksempel å «bytte» leigejord med naboen, slik at mest muleg av jorda vert liggande nær driftssenteret på garden. I prosjektrapporten er det rekna ut at eit bruk med 7350 kilometer køyrelengde kan spare over 20 000 kr i drivstoff, og få frigitt 120 timar arbeidstid, dersom køyrelengda vert halvert. I tillegg blir det reduksjon i klimautslapp. Eit alternativ kan vere å leige bil til transport over lenger avstandar.

Faktorar som kan påverke kvar mjølkeprodusenten har leigejord, er mellom anna leigepris, avstand frå driftssenter, lengda på jordleigeavtalen, jordkvalitet, mellommenneskelege forhold som vennskap, slektskap og lojalitet.

Trass i at mange har ein god del køyring, utgjer transportkostnadene likevel ein liten av dei totale kostandene på mjølkeproduksjonsbruk. Dette er nok grunnen til at mjølkeprodusentane finn det lønsamt å køyre over store avstandar med fôr og husdyrgjødsel.

I Haram kommune har somme gardbrukarar løyst dette ved å spreie husdyrgjødsel på dei nærmaste markane, uansett kven som eige desse.





#### Kontaktperson

Rådgivar  
Kirsti Pernille Indreeide  
Tlf: 71 25 85 75 Mob: 941 62 863  
kirsti.ernille.indreeide@fylkesmannen.no

### Fleire lokalmatprodusentar

Det er over 100 lokalmat-produsentar her i fylket, og talet på produkt og produsentar aukar. Vi har ingen fullstendig statistikk over produsentar, sysselsetjing og omsetjing. Men dette vil vi jobbe meir med i tida framover, slik at vi kan gjere denne lokale og landbruksbaserte verdiskapinga meir synleg.

Felles for dei fleste produsentane i Møre og Romsdal er at dei får selje alt dei produserer. Dei viktigaste marknadene er egne gardsutsal og hotell, både i og utanfor fylket. Sal på torg, messer og i butikk er også viktig for

mange. Ei av utfordringane i Møre og Romsdal, er at Bondens Marknad ikkje har faste marknadsdagar i nokon av dei tre byane i fylket. Fylkesmannen har no teke initiativ for å sjå på korleis ein kan auke marknadsaktiviteten i samarbeid med lokale produsentar knytt opp mot dei dei tre byane.

Kvalitet og merkevarebygging er viktig i lokalmatsastinga.

Tingvollst har nådd heilt til topps med sine kvalitetsostar. Mild Mester fekk gullmedalje i World Cheese Awards 2015 – 2016.

### Gylne Måltidsøyeblikk

Det var 9 deltakarar i denne måltidskonkurransen og fylkesvinnar vart Herøy Helse og omsorgssenter. Konkurransen vart avslutta i november med fest for bebuarar og inviterte gjester med overrekking av diplom og lokalmat-korg.



#### Kontaktperson

Fylkesskogmester  
Kåre Kristen Totlund  
Tlf: 71 25 85 72 Mob: 957 55 995  
kare.kristen.totlund@fylkesmannen.no

### Prosjekt Tredrivaren – bruk meir trevirke i bygg

Tredrivaren søker kontakt med aktuelle forbildeprosjekt for moderne bruk av tre. Målsettinga til Tredrivaren i Møre og Romsdal er å auke bruken av tre som byggjemateriale, og bidra til å vidareutvikle treindustrien i fylket. Fylkesmannen er prosjekteigar.


Tre som byggemateriell er lett, sterkt og fornybart. Bruksområde er stort, alt frå bruer og høgghus til møblar og interiør. Tradisjonelt har marknaden vore mindre hus, men no er trevirke også konkurransedyktig for større byggverk.

I Møre og Romsdal er fleire forbildeprosjekt for moderne bruk av tre enten bygd, under bygging, eller under planlegging. Romsdalsmuseet

blir opna vinteren 2016 og er eit godt signalprosjekt for bruk av tre. Romsdal Videregående Skule blir eit av landets største prosjekt med bruk av massivtre, byggestart er 2016.

### InnovasjonsTre – bedriftsnettverk for treindustrien

Treindustrien på Nordmøre har etablert det 3-årige bedriftsnettverket – InnovasjonsTre. Nettverket består av 9 bedrifter, og blir drifta av SIV Industri-inkubator AS i Surnadal. Viktige fokusområder er kompetanseutvikling, innovativ og framtidretta produktutvikling, industrialisering, rasjonalisering og automatisering. Bedriftsnettverket blei etablert i 2015, og er i godt driv. Det vert blant anna arbeidd med oppstart av 5 utviklingsprosjekt i samarbeid mellom bedriftene og NTNU.





#### Kontaktperson

Fylkesskogmester  
Åsmund Asper  
Tlf: 71 25 84 07 Mob: 918 83 236  
asmund.asper@fylkesmannen.no

## Auka avverking i skogen – stort behov for vegbygging

Gjennom 2015 har det vore stort fokus på drift, og prognosen for 2015 er om lag 270 000 m<sup>3</sup> tømmer omsett i Møre og Romsdal, omlag 20 % meir enn i 2014. Over 90 % av volumet er gran. Allskog er den største tømmerkjøparen, men Nordtømmer har òg jamn aktivitet i fylket. Tidlegare år har aktiviteten vore størst på Nordmøre, og hogsten har vore prega av kampanjar. Dette biletet er no endra, og aktiviteten er meir fordelt over heile fylket. Allskog har betra kapasiteten over heile fylket. Surnadal, Halså, Vestnes, Ørsta og Stranda kommunar har hatt størst avverking i 2015.

Høg planteaktivitet i 50 og 60 åra og høgtytande skog, gir no mykje hogst-

moden skog. Det blir derfor stort behovet for veg og utvikling av infrastruktur i fylket i tida som kjem. Figuren under syner potensialet og tilgangen på hogstmoden skog framover i tid. Hausting av skog planta etter krigen er i startfasen.

I 2015 fekk 31 veganlegg løyvd 5,7 millionar i tilskot. Dette vil gje 15,5 km med bilveg og 1 km traktorveg. Det er framleis svært stor interesse for vegbygging i fylket, og vi har venteliste på 11,5 km bilveg og drygt 18 km traktorveg med eit tilskotsbehov på nærare 5,5 mill.


Hovudplanarbeidet viser førebels at areal på om lag 300 000 da produktiv skog fordelt på 245 område i fylket er utan veg, eller har for dårleg vegløyning i 2015. Grovt sett er behovet for veg i desse områda 300 - 350 km ny veg eller

opprusting av eksisterande.

Ei av dei store utfordringane med vekst i avverkinga framover, er at berre 15 % av kommunale vegar er godkjende for moderne tømmervogntog. Næringa ynskjer å køyre 60 tonn vogntog, men mange plassar er det maks på 32 og 42 tonn. Dette gjev dårleg kapasitetsutnytting, dyr transport og høge utslepp pr m<sup>3</sup>.

Landbruksdirektoratet ga i vår beskjed om å avvikle driftstilskot til graving i mellomvanskeleg terreng, og med den meldinga kom søknader på førehandsløyve om tilskot på 3,9 millionar, ein auke på 1300 % frå 2015. LMD ynskjer også at det skal brukast mindre av LUF – potten på direkte tilskot, noko som er utfordrande i eit fylke med 20 - 30 % i årleg avverkingsauke dei siste 6 åra.





	<b>Kontaktperson</b>
	Fylkesskogmester
	Odd Løset
	Tlf: 71 25 84 08 Mob: 990 41 006 odd.loset@fylkesmannen.no

## Framleis høg planteaktivitet Smånytt

Det ser ut til at tal utsette planter blir om lag som rekordåret i 2014. Fjoråret var spesielt med mykje avgang som skuldast frosttørke, medan plantinga i år kjem som følge av aukande hogst. Hogstauken har byrja tidlegare, men mange ventar tre år med planting, eit tiltak mot gransnutebille. Difor kjem auken i planteaktivitet først no. Det er enno felt som ikkje er tilplanta etter orkanen Dagmar. Det er planta mest i Surnadal, Tingvoll og Ørsta kommunar. Megarden planteskule i Halså har selt heile produksjonen av planter. Det er hovudsak gran som vert planta, og arbeidet blir utført av profesjonelle plantarar. Tilskotsmidlane, om lag 3,4 millionar kr i fylket, har ikkje auka i takt med aktiviteten, slik at tilskotsandelen har gått nedover.

## Stor interesse for skogbruksplanar

Frå 01.01.2016 er det krav om at skogen må være miljøsertifisert før hogst. Dette har ført til stor interesse for skogbruksplanar med miljøregistreringar. I Tingvoll og Sunndal kommunar har over 90 % av skogeigarane bestilt plan. Det er vidare fem andre kommunar som er igong med ressurskartlegging. Fylkesmannen har løyvd omlag 3,7 millionar kroner til dette arbeidet i år. I vårt fylke er det viktig å få oppdatert informasjon om ressursgrunnlaget, og sikre at det blir teke omsyn til miljøverdiane.

Fire kommunar på Nordmøre (Aure, Halså, Surnadal og Rindal) har blitt medlemmar i Lensa. Prosjekt Lensa er 5 skognettverk, som har til føremål å auke aktiviteten i skogen med fleire ulike verkemiddel. Det er blant anna ein lokal pådrivar i kvart nettverk. Lensa blei etablert i Trøndelag som eit resultat av Kystskogmeldinga frå 2008.

Det har ikkje vore tilsvarande blomstring på gran sidan 2006. Dette har ført til brukbar konglesetting, og det er sett i gong sinking i Norddal og Tingvoll. Kongleprøvane har vist god spireevne og kvalitet.

Kaia på Malo i Molde fekk i 2014 støtte (4,72 mill.kr) til oppgradering av kaianlegget. Arbeidet er gjennomført, og Landbruks- og matminister Sylvi Listhaug var på nyopninga av anlegget. Tømmerkaiene er avgjerande for å sikre ein effektiv transport av aukande tømmer volum, som skal vidare inn og ut av landet.

Surnadal hamn har i år fått støtte på om lag 4,3 mill. kr. til utbetring av kaianlegget for tømmerhandtering. Her skal lagerkapasiteten betrast, og vidare trengst det noko mudring utanfor kaifronten, for å oppnå tilstrekkeleg djupne. Tømmer volum over kaia er i dag rundt 33 000 m<sup>3</sup>, noko som vil auke i åra framover.

Halså barne- og ungdomsskule har etablert eit valfag innan skogbruk. Elevane vil gjennom dette faget få sju praksisdagar ute, med blant anna planting, ungsogopleie og hogst. Innleigde instruktørar frå Aktivt Skogbruk er ansvarlege for den praktiske delen.

Det er også i 2015 arrangert skuleskogdagar i regi av Skogselskapet i Møre og Romsdal. Ein skuleskogdag føregår ute i skogen, og har stor variasjon i innhald omkring skog og natur. Dette er eit populært tilbod til grunnskulane, og mange skular melde si interesse.





# Oppvekst og



## Kontaktperson

Utdanningsdirektør  
Alv Walgermo  
Tlf: 71 25 85 60 Mob:452 25 967  
alv.walgermo@fylkesmannen.no



## Kontaktperson

Ass. utdanningsdirektør  
Jørn Thomassen  
Tlf: 71 25 85 69 Mob: 412 47 414  
jorn.thomassen@fylkesmannen.no

Barnehagen sitt samfunnsmandat er å tilby barn under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø som er til beste for barna. Den skal både vere ei pedagogisk verksemd og eit velferdsgode til småbarnsforeldre. I norske barnehagar går det barn i alderen 1- 6 år. Alle barn skal oppleve trivsel, leik og læring i barnehagen. Barnehagen er grunnmuren i utdanningssystemet, og skal leggje eit godt grunnlag for vidare utvikling.

Barn og unge har plikt til grunnskuleopplæring, og rett til ei offentleg grunnskuleopplæring. Noreg har tiårig obligatorisk grunnskule som blir finansiert av kommunane. Barn tek til på skulen det året dei fyller 6 år. All ungdom mellom 16 og 19 år har rett til vidaregåande opplæring. Elevane kan velje mellom yrkesførebuande eller studieførebuande program, og opplæringa blir finansiert av fylkeskommunen.

Fylkesmannen sett i verk barnehagepolitikken gjennom forvaltning av statlege tilskot, oppgaver etter barnehagelova og rettleiing av kommunane. Fylkesmannen skal bidra til at den nasjonale utdanningspolitikken blir følgd opp av fylkeskommunale, kommunale og private skuleeigarar. Vi skal vere ein ressurs og eit serviceorgan for kommunar, fylkeskommunar, private barnehageeigarar og andre oppgaver innanfor opplæring, til dømes private skular, studieforbund og folkehøgskular. Fylkesmannen skal og koordinere og initierer til utviklingsarbeid i kommu-

nar og barnehagar. Vi skal dessutan bidra til å ivareta rettane og rettsvernet til elevar, føresette, læringar og deltakarar i vaksenopplæringa.

## Utfordringar for barnehage og skule i fylket vårt

### Blomstrande regionssamarbeid i fylket

Det er eit svært godt samarbeid i regionane på barnehage- og opplæringsområdet i fylket. Mykje godt utviklingsarbeid er i gang og som regel er alle kommunar i regionen med. Ein del kommunar er små og har svak kompetanse eller kapasitet på kommunenivå til å initiere og støtte barnehagar og skular i utviklingsarbeid. I dette samarbeidet har dei drahjelp slik at dei kan vere med. Arbeidsgrupper blir gjerne nedsett for å arbeide med og utvikle prosedyrar og rutinar innanfor t.d. spesialundervisning og læringsmiljø – mobbing som er gode verktøy for barnehagar og skular i den praktiske kvardagen. Fylkesmannen har jamlege møte med kontaktpersonar på desse to sektorane frå kvar region for å diskutere korleis vi saman kan støtte kvarandre ut frå dei behova som er ute i barnehagane og skulane. Fylkesmannen tildeler vesentlege midlar til ulike utviklingsprosjekt i regionane.

### Mangfald-inkluderingslikeverd

Ei stor utfordring for skulen framover er å gi tilpassa opplæring og inkludere alle barn og unge i skulen. Med aukande tilstrøymning av flyktningar og asylsøkjjarar vil det stille store krav til kommunar og skular. Likeverd og

inkluderingsverdier som er nedfelt i lovverket vårt og som også ligg til grunn for formålsparagrafen i barnehage og skule. Vi må sjå på mangfaldet i elevflokket som noko verdifullt.

Den enkelte elev, også innvandrarar skal ha ei likeverdig opplæring som norske elevar. Likeverdig vil seie å behandle elevar forskjellig fordi dei har ulike behov. Det betyr at skulen skal tilpasse seg at elevane er forskjellige. Innhaldet i normaliseringsbegrepet må utvidast. Det er imponerende å sjå korleis nokre kommunar/skular finn fleksible løysingar som er tilpassa elevar som har forskjellige behov og som ser på mangfaldet i elevgruppene som ein verdifull ressurs.


### Lærarløftet og kompetansekrav for lærarar

I fylket vårt er det 2000 lærarar som må vidareutdanne seg i åra som kjem. Grunnen er nye kompetansekrav som Stortinget har vedtatt og vidareutdanninga skal gjennomførast i løpet av 10 år. Det er viktig at kommunar planlegg dette slik at elevane samtidig får den undervisninga dei har krav på.

### Framleis trykk på arbeid med førebygging av mobbing i barnehage og skule

Det er gledeleg at vi ser ei utvikling der mobbing og krenkande åtferd blir redusert. Vi har ei sterk satsing på dette feltet i vårt fylke. Mange tiltak er sett i verk i barnehagar og skular – men det er framleis mange som blir utsett for mobbing. Derfor må vi halde trykket oppe og ha null-toleranse mot mobbing.

# utdanning



### Auka støtte og fokus på barnehagar og skular med lav kvalitet og kompetanse i 2016 og på utsette barn og unge

I 2016 har Fylkesmannen fått i oppdrag å ha større fokus og støtte dei som har dårlegast kvalitet på barnehage og skule, og dessutan ha ekstra fokus på utsette barn og unge. Fylkesmannen vil legge enno meir vekt på å samordne tiltaka og sjå sektorane i samanheng. Dermed blir det avgjerande å stimulere kommunane til å vidareutvikle det tverrfaglege samarbeidet mellom dei ulike sektorane i arbeidet blant barn og unge.

### Auka gjennomføring i vidaregåande opplæring – eit hovudmål

Auka gjennomføring i vidaregåande opplæring er eit hovudmål og der det er viktig å samordne tiltaka. Derfor er samanhengen mellom barnehage, grunnskule og vidaregåande skule viktig. God kjennskap til kvarandre er avgjerande slik at overgangane blir gode. Tidleg innsats er avgjerande slik at ein kan førebygge framfor å «lappe» i etterkant. Det betyr at ressursar t.d. på spesialundervisning må i større grad brukast i barnehage og barnetrinnet framfor på ungdomstrinnet.

### Samordning og samanheng i tiltaka

Innanfor barnehage- og opplæringsområdet er det mange partar som samarbeider slik at det blir utvikla best

muleg kvalitet. Fylkesmannen har eit Samarbeidsråd på fylkesnivå der KS, Møre og Romsdal fylkeskommune, Utdanningsforbundet og Høgskulen i Volda er med. Føremålet med rådet er å få best muleg effekt av kompetanse- og kvalitetsutviklingsarbeidet i barnehage, grunnskule, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring i fylket. Vi er i ferd med å utarbeide ein felles Handlingsplan der følgjande område er prioritert; lærarløftet med kompetansekrava til lærarpersonalet og kompetansekrava for barnehage, læringsmiljø i barnehage og skule, rekruttering, gjennomføring i vidaregåande opplæring og flyktningeutfordringa. Det er utarbeidd tiltak for kvart av områda. Vi trur at når fleire partar samarbeider og har same mål, vil det gi større effekt.



### 2000 lærarar må ta vidareutdanning i fylket for å stetta kompetansekrava i lova

I dei seinara åra har staten satsa mykje på vidareutdanning av lærarar. Mange lærarar har fått stipend og gode vilkår og over 200 lærarar har tatt ulike fag det siste året. Men no har Stortinget vedtatt nye kompetansekrav for lærarar som har tilbakeverkande kraft. Det betyr t.d. at erfarne lærarar som underviser på ungdomssteget i norsk, matematikk og engelsk må ha 60 studiepoeng (eitt års utdanning i faget) for å tilfredstille dei nye krava. Derfor må om lag 2000 lærarar i fylket ta vidareutdanning i løpet av dei neste 10 åra.

Det betyr at kommunane må samarbeide og legge planar for kva fag dei vil tilby lærarane i åra som kjem. Dermed kan høgskulane/universiteta planlegge på sikt slik at dei kan møte behova for kompetansegivande studiar som kommunane treng. Det kan bli ei utfordring når så mange lærarar skal ta vidareutdanning samstundes med at elevane skal få den opplæringa dei har krav på.



#### Kontaktperson

Rådgivar  
Nicolai Støren  
Tlf: 71 25 85 68 Mob:  
nicolai.storen@fylkesmannen.no

### Klager- Auka fokus på forvaltningskompetanse

Oppvekst og utdanningsavdelinga behandlar klager etter barnehagelova og opplæringslova. Dei fleste klagesakene gjeld spesialundervisning, spesialpedagogisk hjelp, skulebytte, psykososialt miljø og tilskot til private barnehagar.

Talet på klager har vore stabilt dei siste åra. Fylkesmannen stadfester om lag 70 % av vedtaka, og endrar eller opphevar ca. 30 % av vedtaka. Gjennom klagebehandling og tilsyn ser vi at mange skular og kommunar manglar tilstrekkeleg kompetanse når

det gjeld rettar og plikter etter forvaltningslova (saksbehandling). Fylkesmannen vil derfor auke fokuset på dette i rettleiing, klagebehandling og tilsyn i 2016.





#### Kontaktperson

Rådgivar  
Silje Veronika Reinaas  
Tlf: 71 25 85 63 Mob: 997 75 955  
silje.reinaas@fylkesmannen.no

## Tilsyn- Det felles nasjonale tilsynet held fram

Det felles nasjonale tilsynet (FNT) 2014 – 2017 er delt i tre; ein del handlar om korleis skulen arbeider med elevane sitt utbytte av opplæringa, ein del om

forvaltningskompetanse (saksbehand-linga) og ein del om skolebasert vurde-ring (skolen si vurdering av korleis eigen praksis fremjar elevane si læring).

I 2015 har vi gjennomført tilsyn på elevane sitt utbytte av opplæringa og forvaltningskompetanse. I 2016 vil vi

føre tilsyn på alle dei tre områda. Godt over 50 % av tilsyna våre vil vere inna-for desse områda. Som tidligare år, vil vi også føre tilsyn med kommunen som barnehagemyndig og psykososialt miljø i skolen.



#### Kontaktperson

Rådgivar  
Bjarnhild Rakvåg Ulriksborg  
Tlf: 71 25 85 80 Mob:  
bjarnhild.ulriksborg@fylkesmannen.no

## Kompetanse til heile personalgruppa i barnehagen.

Regjeringa har i si politiske plattform skrive at det skal bli eit løfte på kvaliteten i barnehagane. Heilt avgjerande for kvaliteten på tilbodet til barna, er kompetansen til personalet.

Hovudfunn i internasjonale forskning, viser at kompetansen til alt personalet i barnehagen er den viktigaste enkeltfaktoren for trivsel og utviklinga til barna. Kompetanse for framtidige barnehage. Strategi for kompetanse og rekruttering 2014-2020 inneheld ei rekkje tiltak for å auke kompetansen for alle grupper tilsette i barnehagen.

## Ny stipendordning for barnehagetilsette

Tilsette i barnehage har for studieåret 2015-2016 hatt høve til å søke om stipend for å ta arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (ABLU) eller tilleggstudium i barnehagepedagogikk (TIB). Fylkesmannen har delt ut stipend til 36 søkjarar i fylket.

Vi vonar stipendordninga vil auke talet på barnehagelærarar i barnehagen, og redusere talet på pedagogisk leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet.

## Styrarutdanning

Både styrarar og assisterande styrarar kan søkje styrerutdanning ved seks ulike studiestadar. God leing i barnehagen er viktig for å kunne utvikle og sikre likeverdig og høg kvalitet.

Det er med stor glede at Fylkesmannen registrere at mange barnehageeigarar legg til rette for at alle yrkesgrupper i barnehagen får auka kompetansen. Fylkesmannen har delt ut kompetansemidlar på fleire ulike tilbod kommunane har satsingar på innan barnehage. Ein god barnehage krev kompetente leiarar og fagleg reflekterte vaksne. Ved å auke kompetansen til alle vaksne, hevar vi også kvaliteten på tilbodet som vi gjer barna i barnehagen.

## Gratis kjernetid i barnehagen

I oppfølging av statsbudsjettet for 2015 vart det frå 1. august 2015 innført ei ny nasjonal ordning med gratis kjernetid i barnehage for alle fire- og femåringar frå familiar med låg inntekt, uansett språkleg bakgrunn.

Fylkesmannen ser at i vårt fylke har nokre kommunar fleire familiar som kjem under ordninga enn andre. Erfaringane frå kommunar det har vore gjort forsøk i, viser til positiv effekt. Det håper vi å sjå att også i vårt fylke.

## Lese- og skrivestrategi 2016-2019

Regjeringa har lova å styrkje bruken av norsk og språkutviklinga i barnehagen for å førebu barna på skole og utdanning.

Det har vore lansert ein nasjonal lese- og skrivestrategi for perioden 2016-19. Målet er å styrkje tekst- og språkkompetansen til alle barn. Men strategien skal og bidra til at personalet styrker kompetansen og legg betre til rette for barn med språk-, lese- og skrivevanskar. Det skal leggjast spesielt til rette for ulike målgrupper, som minoritetsspråklege barn og barn med språkvanskar.

Mange barnehagar i Møre og Romsdal arbeider godt og reflektert med språk og språkkompetanse til alle barn. Vi har kommunar i fylket vårt som deltek på nasjonale satsingar som går på språk og lesing frå barnehage til skule. Fylkesmannen registrerer at flyktningssituasjonen vil gi eit ekstra stort trykk på barnhagane. Tidleg innsats til denne gruppa barn er avgjerande for seinare skulegang. Gjennom ulike kurs og konferansar har Fylkesmannen vore med og heva kompetansen på språk og språkmiljøet i barnehagen.



	<b>Kontaktperson</b> Seniorrådgivar Dagfinn Sørum Tlf: 71 25 85 70 Mob: dagfinn.sorum@fylkesmannen.no
---	---

## Stadig færre klagar på tilskot til ikkje-kommunale barnehagar

Kommunane har sidan 2011 hatt fullt finansieringsansvar for ikkje-kommunale barnehagar. Usemje om utrekning av tilskotet førte til ein sterk auke klagesaker i høve til tidlegare, då staten hadde hovudansvaret for finansieringa.

Fylkesmannen fekk óg fleire spørsmål om regelverket. Klagesakene er ofte ulike, og det er difor vanskeleg å samanlikne tal frå år til år. Registrerte klagesaker hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal viser likevel ein nedgang frå 12 i 2011 til 9 i 2013, og vidare til 6 i 2014 og 2 i 2015 (per november). Fylkesmannen får óg færre spørsmål, og nyttar mindre tid enn tidlegare til rettleiing om regelverket. Dette i stor

grad i takt med nedgangen i talet på klagesaker.

Fylkesmannen går ut frå at betre kjennskap til regelverket og avklaringar av ulike problemstillingar er hovudårsak til nedgangen. Det er óg grunn til å tru at kommunane utarbeider betre og meir oversiktleg dokumentasjon enn tidlegare, slik at tilskotsmottakarane har betre grunnlag for å kontrollere om tilskotet er rekna ut i samsvar med regelverket. Fleire av klagane som har kome til Fylkesmannen, har hatt som årsak at dei ikkje-kommunale barnehagane ikkje har forstått utrekninga av tilskotet.

Det er óg rimeleg å sjå nedgangen i

klagesaker i 2015 i samanheng med at regelverket er endra slik at grunnlaget for utrekning av tilskotssatsane skal vere kommunerekneskapen og barnetalet i kommunale barnehagar to år før tilskotsåret. Tidlegare har kommunebudsjettet for tilskotsåret vore grunnlaget for utrekninga, og satsane skulle etterjusterast dersom kommunerekneskapen viste avvik i forbruket i dei kommunale barnehagane i høve til budsjettet.

Frå og med 2016 er det vedteke ny Forskrift om tilskudd til private barnehager. I stor grad er innhaldet i tidlegare forskrift ført vidare, men det er gjort presiseringar og forenklingar.



### Kontaktperson

Fagkoordinator  
Kristin Øksenvåg  
Tlf: 71 25 85 61 Mob: 996 47 772  
kristin.oksensvag@fylkesmannen.no

## Læringsmiljø- Eit steg i rett retning?

Elevundersøkinga frå skuleåret 2014/15 viser at talet på elevar som blir mobba går ned. Dette gjeld også i vårt fylke. Samstundes viser undersøkinga ein klar reduksjon i krenkingar og mindre uro i timane. Det er ei gledeleg utvikling og vi håper det er ein trend som gjer seg gjeldande også neste år og i åra framover.

Fylkesmannen har i 2015 hatt eit særleg fokus på læringsmiljø i skule og barnehage. Vi har gjennom ulike tiltak ønskt å støtte kommunar som har sett behovet for å styrke innsatsen i arbeidet med det psykososiale miljøet. Vi har mellom anna arrangert faglege samlinger med relevante tema som korleis ein avdekker og stansar mobbing og korleis ein kan skape eit trygt læringsmiljø gjennom å jobbe relasjonsorientert.

Tilsyn med kapittel 9a i Opplæringslova, Elevanes psykososiale skulemiljø, har vore eit anna tiltak Fylkesmannen har sett i verk for å betre læringsmiljøet. I samband med dette gjennomførte vi ei regelverksamling for alle skulane i fylket. Fylkesmannen finn det nyttig og viktig å føre tilsyn på området, og dette er noko vi også vil gjere i 2016.

Læringsmiljøprosjektet er ei nasjonal satsing og eit samarbeidsprosjekt mellom Læringsmiljøsenderet i Stavanger, Utdanningsdirektoratet og Fylkesmannen. Skular og kommunar som må jobbe meir med mobbing og læringsmiljø blir fylgt tett opp i gjennom dette prosjektet. Ut frå resultatane frå elevundersøkinga og tilsyn gir Fylkesmannen råd om kva for kommunar i fylket som bør få tilbod om rettleiing. Fylkesmannen har følgd prosjektet tett i vårt fylke, og vi ser at det verkar. I februar 2016 vil

ein ny kommune vere klar for å delta i prosjektet.

Fylkesmannen har gjennom prosjektskjønnsmidlar gitt støtte til eit beredskapsteam mot mobbing. Alle PPT-kontora i fylket har fått tilbod om ei kompetanseheving innan avdekking, stopping og førebygging av mobbing i regi av Læringsmiljøsenderet i Stavanger. Tanken er at PPT skal kunne vere ein viktig og god støttespelar for skulane i deira arbeid mot mobbing og for eit godt læringsmiljø.

Læringsmiljøet i barnehagen består av dei kulturelle, rasjonelle og fysiske forholda i barnehagen som har følgje for barnas utvikling, leik og læring. At dei vaksne i barnehagen kan å legge til rette for læring, er ein føresetnad for gode læringsprosessar. Det er naudsynt å sikre at alle vaksne har tilstrekkeleg kompetanse i samhandling med barn.

Fylkesmannen har gjennom Barnehagekonferansen 2015 - Mitt ansvar, om barnehagelæraren sitt profesjonelle skjønns og regional samling om barnehagens læringsmiljø på Stjørdal, vore med på å auke og styrke kompetansen om læring i barnehagesektoren. Fylkesmannen er oppteken av å kunne støtte kommunane gjennom ulike møteplassar og deltaking på konferansar.

Sjølv om vi er på rett veg når det gjeld å redusere mobbetala i fylket, er det ikkje grunn til å gi seg. Vi veit at ved å halde fokus oppe, ha god kompetanse og arbeide grundig og systematisk med læringsmiljø i både barnehage og skule, kan vi gjere ein forskjell til beste for barna og ungdomane. Fylkesmannen vil også i 2016 ha læringsmiljø som høgt prioritert satsingsområde.

## Ungdomsskulen

### Eit ungdomstrinn i utvikling

Ungdomstrinn i utvikling er ei nasjonal satsing og strategi for utvikling av ungdomstrinnet. Frå og med hausten 2013 til 2017 skal alle ungdomsskulane i landet få tilbod om å delta i skulebasert kompetanseutvikling. Målet med satsinga er å gjere opplæringa mindre teoretisk og meir motiverande og variert, slik at elevane får auka utbyte av skulen og opplever den som relevant og nyttig.

Satsinga har blitt tatt godt i mot. Det skjer utvikling i samlege kommunar og skuler. Læring skjer på alle nivå – frå klasserom til nasjonale myndigheiter. I dei første tre semestera i satsinga får kommunane og skulane støtte og rettleiing frå universitet – og høgskulesektoren. Etter denne perioden kjem kanskje den aller viktigaste og mest utfordrande fasen i endringsarbeidet, nemleg å fortsatt halde fokus og innarbeide gode rutinar og praksis ved den einskilde skule.

I 2016 tek siste pulje i Møre og Romsdal fatt på arbeidet. Saman med Høgskulen i Volda og utviklingsrettlearane i prosjektet, skal skulane gjennomføre lokalt utviklingsarbeid i klasseleiing, rekning, lesing og skrivning. Resultata frå satsinga kan kome til uttrykk gjennom Elevundersøkinga og Nasjonale prøver. Fylkesmannen følgjer prosjektet tett.

	<b>Kontaktperson</b>
	Seniorrådgivar Annhild Lorentzen Tlf: 71 25 85 64 Mob: 416 36 510 annahild.lorentzen@fylkesmannen.no

## Karaktergiving i grunnskulen

Matematikkfaget - Samanhengar mellom eksamenskarakterar og standpunktkarakterar i Møre og Romsdal (Rekordlågt snitt på grunnskuleeksamen i matematikk 2015?)

Eksamensresultatet etter sentralgitt grunnskuleeksamen i matematikk 2015 er rekordlågt. For heile landet låg karaktersnittet i matematikk på 2,9 og i Møre og Romsdal på 2,8. Det har blitt stilt spørsmål om kva grunnen til dette kan vere.

### Dei mest sentrale er:

1. om grunnen til det låge resultatet at elevane manglar forventade kompetanse ved avsluttinga av faget fordi opplæringa i for liten grad er i tråd med læreplanane?
2. om grunnen til det låge resultatet er for høge krav til forventade kompetanse etter 10.trinn på nasjonalt nivå, slik at eksamensoppgåvene er for vanskelege?

For landet og på fylkesnivå vil snittkarakterane endre seg lite frå år til år. På kommune- og skulenivå stiller det seg annleis, og det vil ofte vere langt større variasjon frå år til år. Dette gjeld særskilt for små kommunar, og enkeltskular, der variasjon i gjennomsnittskarakter på eksamen frå år til år må tolkast med varsemnd. Ofte vil resultatata i slike høve ha grunnlag i svært låge elevtal, der variasjonar i snitt ofte skuldast naturlege endringar i klassestørrelse og klassesamansetning.


Elevar får ved avsluttinga av opplæringa sluttvurdering som gir informasjon om nivået på kompetansen i fag. Desse sluttvurderingane, standpunktkarakterar og eksamenskarakterar, har i større eller mindre grad ulikt grunnlag for vurdering. Standpunktkarakteren vert sett av faglærar og skal byggje på ei brei vurdering av eleven sin kompetanse jamfør alle kompetansemåla i læreplanen i faget. Ein eksamenskarakter har grunnlag i ei smalare vurdering, men også med grunnlag i kompetansemåla i læreplanen. Dette vil seie at eksamenskarakterar i større grad er avhengig av kor «heldige» elevane på ein skule har vore med den etterspurde kompetansen i det gjeldande eksamenssettet, t.d. at skular kan ha heldige, eller uheldige, utslag på grunn av at ulike læreverk i matematikk har ulik vekt på hovudområde og kompetansemål i faget.

Grunnlaget for vurdering er noko ulikt for standpunkt og eksamen, men eksamenskarakterane kan, brukt med pedagogisk godt skjøn, sjåast som ei rettesnor og kvalitetssjekk i høve opplæringa i matematikk og karaktersettinga lokalt. Eksamensoppgåvene er utarbeidd nasjonalt med grunnlag i læreplanen, elevane er anonyme og sensureringa vert gjort av eksterne sensorar med skulering i eksamensvurdering. Ein ønskjer difor størst mogleg samsvar mellom snittet av eksamenskarakterar og standpunktkarakterar.

Som eit ledd i lokalt kvalitetsutviklingsarbeid med tanke på å auke elevane sitt utbytte av opplæringa i matematikk, og som grunnlag for justering av praksis, ser ein ofte at skular og kommunar samanliknar seg med andre skular eller mot kommune-, fylkes- eller nasjonalt nivå. Som nemnt bør ein sjå resultatata over fleire år, og i tillegg i høve tala frå anna karaktersetting, t.d. standpunkt. Store forskjellar i snittet på eksamenskarakterar og standpunktkarakterar, bør saman med kjennskapen til eigne lærarar, elevar og skular, vere ein viktig indikator for analyse og tiltak knytt til elevane sitt utbytte og skulane sitt eventuelle behov for justeringar i opplæringa.

Her bør resultat over fleire år nyttast aktivt inn i kvalitetsarbeidet på den einskilde skule/kommune for å kunne gjere eventuelle naudsynte justeringar i opplæringa. Ein vil då, uavhengig av vanskegrad på eksamenssetta, få eit meir valid bilete av opplæringa og karaktersettinga på skulen eller i kommunen.

I Utdanningsdirektoratet sin nye statistikkportal <http://statistikkportalen.udir.no> finn ein tala som viser resultatata etter sensuren for sentralt gitt eksamen i matematikk i 2015 og snittkarakter på standpunkt i matematikk 2015 og for landet og for Møre og Romsdal.



Matematikk grunnskulen	Eksamenskarakter (snitt)			Standpunktkarakter (snitt)		
	2012/13	2013/14	2014/15	2012/13	2013/14	2014/15
Heile landet (priv. + off.)	3,1	3,0	2,9	3,5	3,5	3,5
Heile landet - Offentl.	3,1	3,0	2,9	3,5	3,5	3,5
Heile landet - Priv. Skular	3,3	-	3,3	3,8	3,8	3,7
Møre og Romsdal (off. +priv.)	3,0	3,0	2,8	3,6	3,6	3,5
Kristiansund (off. +priv.)	3,0	3,0	2,7	3,5	3,7	3,5
Molde (off. +priv.)	3,2	3,1	2,9	3,6	3,6	3,3
Ålesund (off. +priv.)	3,0	3,2	3,0	3,7	3,6	3,6



MATEMATIKK 10. TRINN	2012-13		2013-14		2014-15	
	Skriftlig eksamen	Standpunkt	Skriftlig eksamen	Standpunkt	Skriftlig eksamen	Standpunkt
	Snittkarakter	Snittkarakter	Snittkarakter	Snittkarakter	Snittkarakter	Snittkarakter
Heile landet	3,1	3,5	3,0	3,5	2,9	3,5
Møre og Romsdal	3,0	3,6	3,0	3,6	2,8	3,5
Aukra		4,4	3,3	4,1		3,8
Aure	3,3	4,2	2,9	3,6		3,8
Averøy	2,6	3,5	3,1	3,2		2,8
Eide	3,0	3,6	2,4	3,3		3,6
Fræna	2,8	3,4	2,5	3,3	2,8	3,6
Giske	3,2	3,7	3,0	3,6	2,8	3,8
Gjemnes		3,4	2,9	3,2		3,1
Halsa		3,3	3,5	4,2		3,9
Haram	2,9	3,5	3,2	3,4	2,7	3,5
Hareid		3,0	3,0	3,8		3,0
Herøy	2,9	3,4	2,6	3,4	2,5	3,4
Kristiansund	3,0	3,5	3,0	3,7	2,7	3,5
Midsund	2,5	3,4	3,1	3,9		3,6
Molde	3,2	3,6	3,1	3,6	2,9	3,3
Nesset		3,3		3,9	3,0	3,6
Norddal		3,8	3,2	3,8		4,0
Rauma	3,0	3,7	2,9	3,6	2,8	3,3
Rindal		3,9		3,9		3,4
Sande	3,3	3,6	3,1	3,7	2,9	3,4
Sandøy		3,3		3,7		3,7
Skodje		3,4	2,9	3,0	3,2	3,7
Smøla		3,2		3,4		3,4
Stordal	4,5	4,1		3,8		3,8
Stranda	3,4	3,8	3,0	3,8	3,5	3,5
Sula	3,0	3,6	2,7	3,9	2,9	3,4
Sunndal	3,3	3,4	3,3	3,5	2,5	3,4
Surnadal	3,1	3,4	2,8	3,7	2,6	3,5
Sykkylven	2,7	3,8	2,7	3,8	2,8	3,3
Tingvoll	3,0	3,2	2,6	3,3	2,2	3,2
Ulstein	3,1	3,4	3,3	3,7	2,7	3,2
Vanylven	3,0	3,7	3,2	3,8		3,6
Vestnes	2,2	3,1	2,3	3,1	2,9	2,8
Volda	2,7	3,6	3,4	3,6	3,2	3,5
Ørskog		3,4		4,0	3,0	3,6
Ørsta	2,9	3,4	2,6	3,6	2,9	3,1
Ålesund	3,0	3,7	3,0	3,6	3,0	3,6



#### Kontaktperson

Rådgivar  
Sissel Birgitte Henriksen  
Tlf: 71 25 85 79 Mob:  
sissel.henriksen@fylkesmannen.no

## Vaksenopplæring: Kompetansetiltak i vurdering av munnlege ferdigheiter

### Kompetansehevingstiltak

For fjerde år på rad arrangerte Fylkesmannen i Møre og Romsdal etterutdanningskurs i samarbeid med VOX og leiarnettverket for vaksenopplæringa i fylket for over 200 lærarar og leiarar i vaksenopplæringa. Tema i år var vurdering av munnlege ferdigheiter, arbeidsretta norskopplæring, rolleforståing og læringsleiing i vaksenopplæringa, frå B1 til B2 med rask progresjon, sensor og eksaminator si rolle for prøveansvarlege og leiarar. Vidare var lesing, skriving og rekning som grunnleggande ferdigheit tema, samt lokalt læreplanarbeid.

Kommunane har ansvar for gjennomføring av obligatoriske norskprøver for vaksne innvandrarar to gonger i året. Kommunane har vidare plikt til å tilby gratis opplæring opp til nivå B2 dersom

ein deltakar med rett og plikt kan nå dette nivået innafor 600 timar. Norskprøven blir utvida til å gjelde nivå B2 i desember 2015. På bakgrunn av dette har Fylkesmannen i samarbeid med VOX i løpet av 2015 sørget for kompetansehevingstiltak for lærarar som underviser på dette nivået. Vurdering av munnlege ferdigheiter med særleg vekt på nivå B1-B2 har vore fokus. Opplæring av aktuelle lærarar/kurshaldarar i vurdering av munnlege ferdigheiter på både A- og B – nivå har blitt prioritert. Desse lærarane har vidare sørget for opplæring internt på eigen arbeidsplass, samt eksternt i fylket.

### Kompetanse for mangfald – Møre og Romsdal fylke er med i satsinga frå 2016

Kunnskapsdepartementet har gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å iverksette ein femårsplan for eit kompetanseløft på det fleirkulturelle området.

Oppdraget har bakgrunn i Stortingsmelding 6. En helhetlig integreringspolitikk. Mangfold og fellesskap (2012-2013).


Kompetanse for mangfald er ei femårig kompetansesatsing (2013-2017) som skal bidra til at tilsette i barnehagar og skular får auka sin kompetanse innanfor det fleirkulturelle området. Alle fylke skal med i kompetansesatsinga i løpet av ei femårsperiode. Møre og Romsdal fylke skal med i satsinga frå 2016. Kommunane Sunndal, Ålesund og Volda skal vere med i satsinga frå vårt fylke. Dette er ein arbeidsplassbasert kompetanseutvikling, og Høgskulen i Volda skal stå for kompetansehevinga og rettleiinga. Målet for satsinga er å bidra til at målgruppa fullfører og består utdanningsløpet.

Fylkesmannen administrerer satsinga og har ansvar for å auke kompetansen på regelverk for dette.



# Helse og sosial

	<b>Kontaktperson</b> Fylkeslege Christian Bjelke Tlf: 71 25 85 53 Mob: 901 08 140 christian.bjelke@fylkesmannen.no
---	--

	<b>Kontaktperson</b> Ass. direktør Marit Hovde Syltebo Tlf: 71 25 85 40 Mob: 918 02 225 marit.hovde.syltebo@fylkesmannen.no
---	---

Avdelinga har oppdrag frå fleire departement og direktorat. Gjennom oppdrag frå Statens helsetilsyn fører avdelinga tilsyn med helsepersonell og verksemder, både på individ- og systemnivå. Spesialisthelsetenesta er ein del av tilsynsansvaret til Fylkesmannen i Møre og Romsdal saman med Fylkesmennene i Trøndelagsfylka. I 2015 har avdelinga halde fram med tilsyn med tvang i kommunane. Tilsyna med NAV-kontora har blitt gjennomført som eigenvurderingstilsyn, dette gjeld og barnevern og eit tilsyn med legar.

I spesialisthelsetenesta har tilsyna vore knytt til samhandling med kommunar. Eit med utskriving av pasientar, og eit med rehabilitering.

Medverknad frå pasientar og pårørande har vore i fokus og fleire av tilsynstek omsyn til deira oppfatning. Vi har og eit eige prosjekt der pasient og pårørande vert teke med i samtalar i samband med tilsynet.

Avdelinga held stort sett fristar for saksbehandlingstid, og vi har i 2015 arbeidd med å betre prosessane for saksbehandlinga. Vi har hatt auke i saksmengde på dei fleste områda og på sosialklagar med heile 75 prosent i høve til fjoråret.

I 2015 er naudnett innført, og ein har starta med ein kjernejournal.

Samhandlingsreforma er frå 2015 vidareført i ei rekke meldingar: Folkehelsemeldinga, Melding om primærhelsetenesta og Nasjonal sjukehusplan.

Fleire departement starta i 2015 felles satsing på tenester til barn og unge. I 2016 vil dette bli vidareført i eit eige prosjekt; 0-24 satsinga med Arbeid og velferdsdirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Helseidrettsdirektoratet og Barne- og ungdomsdirektoratet.

Den auka tilstrøyminga av flyktningar har dei siste månadene blitt ein stor del av avdelinga sitt arbeid. Dette vil bli vidareført i 2016 og medføre omprioritering av arbeidsoppgåver.

	<b>Kontaktperson</b> Ass. fylkeslege Cato Innerdal Tlf: 71 25 85 50 Mob: 926 21 245 cato.innerdal@fylkesmannen.no
---	---

	<b>Kontaktperson</b> Seniorrådgivar Greta Irene Hanset Tlf: 71 25 85 47 Mob: 930 18 758 greta.hanset@fylkesmannen.no
---	--

## KOMMUNEHELSE TENESTER

### Sjukeheimplassar og omsorgsbustader

Fylkesmannen har dei siste åra sett at helse- og omsorgstenesta i kommunane blir omorganisert. Særleg har det vore ein tendens til å gjere om sjukeheimplassar til omsorgsbustadar.

Det er ei ønska utvikling frå myndighetene at pasientar- og brukarar skal kunne få bo heime så lenge som mogleg. Omsorgsbustadar er rekna som heimen til den som bur der.

Vedkommande betaler oftast husleige, vanlege utgifter til bustaden, egne medisinar og blir følgd opp av fastlegen. Kommunane tilbyr naturlegvis heimebaserte helse- og omsorgstenester også i desse bustadane til personar som treng slike tilbod.

Med samhandlingsreforma har kommunane fått eit større ansvar for pasientar som har vore innlagt i sjukehus. Samanlikna med tidlegare blir pasientar i sjukehus tidlegare vurdert som «ferdigbehandla». Mange har likevel behov for fleire, og meir omfattande tenester enn det som kan

givast i heimen. Desse pasientane har derfor ofte behov for eit korttidsopphald i sjukeheim. Andre pasientar som bur i eigen bustad, og som ikkje lenger kan få dekkja behovet for tenester gjennom heimebasert omsorg har også krav plass i institusjon.

Fylkesmannen har sett eksempel på at ein berre har plass i institusjon tilgjengeleg for personar med demenssjukdom. Regelverket seier at det ikkje er høve til å plassere pasientar som ikkje har demenssjukdom på «skjerma avdeling». Når ein ikkje har institusjonsplass





tilgjengelig for desse pasientane, må derfor alle tenester bli gitt i heimen. Når det ikkje lenger er mogleg å gi nødvendige tenester i denne bustanden, må personen flytte frå «opprinnelig» bustad og inn i omsorgsbustad.

Fylkesmannen vil understreke at «omorganiseringa» ikkje må gå for langt. Kommunane har ei plikt til å gi nødvendig helse- og omsorgsteneste til sine innbyggjarar. Av helse- og omsorgstenestelova § 3-2 går det fram at tenestetilbodet også må omfatte plassar i sjukeheim. Bukollektiv og omsorgsbustadar er ikkje omfatta i definisjonen av «institusjon» i forskrift om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon. Dermed er desse buformene ikkje å rekne som «institusjon» etter regelverket.

Skiljet i og utanfor institusjon har også rettsleg betydning når det gjeld høve til å legge inn og halde tilbake pasientar mot deira vilje. Det er ikkje lovleg å gjere slike tvangsvedtak utanfor institusjon. Helsedirektoratet har i IS-8/2015 sagt følgjande:

*«Omsorgsbolig er ikke omfattet av begrepet «helseinstitusjon. Innleggelse og tilbakeholdelse som pasienten motsetter seg, kan derfor ikke skje i slike bo- og tjenestetilbud».*

Dersom ein pasient eller brukar har krav på nødvendige helse- og omsorgstenester, er det kommunen som må vurdere og i utgangspunktet beslutte kva slags hjelp som skal tilbydast ut frå behovet til brukaren og dei tilgjen-

gelege ressursane kommunen har. Ein føresetnad er likevel at forma for tenesteyting er forsvarleg, jf. helse- og omsorgstjenesteloven § 4-1. Dersom ein sjukeheims plass er einaste alternativ for at hjelpa skal vere forsvarleg, har pasienten krav på sjukeheims plass. Uavhengig av om det er snakk om korttids- eller langtids plass, og uavhengig av diagnose. Fylkesmannen vil understreke at kommunane er forplikta til å ha tilbod om langtids- og korttids plass i sjukeheim, også for andre pasienter enn dei som har ein demenssjukdom.

### Utfordringar i arbeidet med rekruttering av helsepersonell

I perioden 2010-2014 har prosentdelen årsverk med relevant utdanning hatt ein svak auke på eit prosentpoeng. I Møre og Romsdal har 76 prosent av årsverka relevant utdanning, og fylket ligg eit prosentpoeng over landsgjennomsnittet. Det er store forskjellar mellom kommunane. I Sunndal kommune har 89 prosent av årsverka fagutdanning, noko som er langt over gjennomsnittet for både fylket og landet. Sande kommune er i andre enden av tabellen, med 63 prosent.

I åra framover vil det bli vesentleg fleire eldre og fleire med kroniske og samansette sjukdomar. Det vil samstundes bli færre i yrkesaktiv alder, noko som medfører at behovet for helsetenester vil vere høgare enn tilgangen på helsepersonell. Samstundes har vi mange «eldre» arbeidstakarar i omsorgstenestene. I 2013 var prosentdelen årsverk utført av tilsette over 55 år

på 26,9 prosent i fylket. Det gir store utfordringar når det gjeld rekruttering av personell til framtidens helsevesen.


I dag går kvar sjettede elev i ungdomsskulen seinare inn i helse- og omsorgsarbeid. For å halde same nivå på tenestetilbodet som no vil vi i 2025 ha behov for at kvar fjerde elev blir helse- og omsorgsarbeidar. Som eit ledd i satsinga på å sikre tilstrekkeleg med fagpersoner må ein sjå på ny fordeling av arbeidsoppgåvene innanfor dei ulike yrkesgruppene.

### Auke i delen årsverk med høgare utdanning

Fordelinga av årsverk med fagutdanning frå vidaregåande og frå høgskule og universitet har jamna seg noko ut i perioden 2010 -2014. Men det er framleis ein skilnad på 8 prosentpoeng i Møre og Romsdal og 5 prosentpoeng i landet. I 2010 var dei respektive tala 13 og 11 prosentpoeng. I 2012 blei Samhandlingsreforma innført, der intensjonen er at liggedøgn på sjukehus skal bli færre og at meir avansert behandling skal bli overført til kommunane. Dét kan vere ei av årsakene til denne endringa.

### Eldre har færre timar heimesjukepleie og praktisk bistand enn yngre brukarar

I gjennomsnitt har kvar mottakar av heimesjukepleie og praktisk bistand i Møre og Romsdal 11,4 timar bistand per veke i følgje vedtak. I landet elles er talet 10,2 timar. Det som blir registrert i IPLOS-registeret er talet på timar



Prosentdel årsverk med fagutdanning frå vidaregåande skule					
	2010	2011	2012	2013	2014
Møre og Romsdal	44	43	42	42	42
Landet	42	41	41	41	40

Prosentdel årsverk med fagutdanning frå høyskule og universitet					
	2010	2011	2012	2013	2014
Møre og Romsdal	31	32	32	33	34
Landet	31	32	33	34	35

Timar heimesjukepleie og praktisk bistand per veke etter vedtak, gjennomsnitt						
	2012		2013		2014	
	Landet	Møre og Romsdal	Landet	Møre og Romsdal	Landet	Møre og Romsdal
0-17 år	17,8	21,3	17,3	30,7	18,3	22,3
18-49 år	15,5	17,3	16,0	17,7	16,5	18,3
50-66 år	10,9	11,7	11,4	12,5	11,7	12,7
67-79 år	5,1	5,2	5,2	4,9	5,4	5,1
80-89 år	4,0	4,4	4,2	4,5	4,2	4,3
90 år eller eldre	5,3	5,7	5,4	6,0	5,3	5,9
<b>Gjennomsnitt alle brukarar</b>					<b>10,2</b>	<b>11,4</b>

i vedtaket. Den reelle ressursinnsatsen frå kommunen kan vere større, til dømes i tilfelle der fleire tilsette er hos mottakaren samstundes.

Timetalet varierer mellom anna med alderen på brukarane. Brukarar i alderen 80-89 år har berre 4,3 timar tildelt hjelp i veka, medan brukarar over 90 år har 5,9 timar. Brukarane i alderen 0-66 år har langt fleire tildelte timar pr. veke. Til dømes har brukarar i alderen 0-17 år heile 22,3 timar pr. veke.


Talet på timar heimesjukepleie og praktisk bistand til dei eldste må sjåast i samband med dekningsgraden

av langtidsopphold i institusjon for aldersgruppa. I kommunar der få av innbyggjarane over 80 år bur på institusjon, blir det i gjennomsnitt tildelt fleire timar heimesjukepleie og praktisk bistand i veka enn i kommunar der ein høg del av innbyggjarane over 80 år har langtidsopphold på institusjon.


### Møre og Romsdal har låg dekning av demensteam

Helsedirektoratet har sterkt oppmoda kommunane om å etablere demensteam for å følgje opp personar med

demens og deira pårørande på ein god måte. Eit slikt team skal vere ein fagleg ressurs i demensomsorga. Demensteamet skal støtte omsorgstenesta i planlegging og tenesteyting til personar med demens og deira pårørande. Nasjonal kartlegging i 2014 av tenester til personar med demens viser at det er få kommunar i Møre og Romsdal som har etablert demensteam og/eller demenskoordinator. Vi ser likevel ei positiv utvikling, med ein auke frå 5 kommunar i 2007 til 19 kommunar i 2014.




Kommunar med demensteam og/eller demenskoordinator etter fylke 2014, prosent



Kommunar med demensteam og/eller demenskoordinator		
Kommune	Demensteam	Demenskoordinator
Molde	0	0
Ålesund	1	0
Kristiansund	1	1
Vanylven	0	0
Sande	0	0
Herøy	1	1
Ulstein	0	0
Hareid	0	0
Volda	0	0
Ørsta	1	0
Ørskog	0	0
Norddal	0	0
Stranda	0	0
Stordal	1	0
Sykkylven	1	0
Skodje	0	0
Sula	1	1
Giske	1	0
Haram	0	0
Vestnes	1	0
Rauma	0	0
Neset	0	1
Midsund	1	1
Sandøy	0	0
Aukra	0	1
Fræna	0	0
Eide	1	0
Averøy	0	1
Gjemnes	0	1
Tingvoll	0	0
Sunndal	0	1
Surnadal	0	0
Rindal	1	1
Halsa	1	1
Smøla	0	0
Aure	1	1
<b>Sum</b>	<b>14</b>	<b>12</b>



**Kontaktperson**  
Fagkoordinator  
Marit Vestad  
Tlf: 71 25 85 51 Mob: 918 61 595  
marit.vestad@fylkesmannen.no



**Kontaktperson**  
Rådgivar  
Guro Sæter Hollingsholm  
Tlf: 71 25 85 59 Mob: 909 22 228  
guro.hollingsholm@fylkesmannen.no

## Tilsyn avdekka ulovlig tvang

Bruk av tvang mot pasientar er eit alvorleg inngrep i den einskilde sin rett til å bestemme over seg sjølv. Derfor er rettstryggleiken særst viktig ved denne typen tiltak.

Fylkesmannen skal sjå til at regelverket er følgt, og at det blir fatta vedtak om tvungen hjelp der dette er aktuelt. Pr. 01.12.2015 har vi mottatt 216. Ein har stor grunn til å tru at det er underrapportering på området.

### I Møre og Romsdal har pasientar vore utsett for ulovlig bruk av tvang og makt i 2015

Fylkesmannen har i 2015 vore på tilsyn i sju kommunar som gir tvungen helsehjelp. I seks av desse kommunane

fann vi lovbrøt på reglane om bruk av tvang. Funn frå tilsyn viser mellom anna mangelfull opplæring av tilsette og bruk av ulovlig tvang. Fylkesmannen har dette året også hatt fleire klagesaker der vi har avdekka at pasientar blir utsett for tvang.

### Fylkesmannen ser alvorlig på dei funna som blir avdekka

Bruk av tvang reiser utfordrande faglege og etiske dilemma, og det stiller krav til helsepersonellet sine vurderingar. Føremålet med dette regelverket er å gi nødvendig helsehjelp for å hindre vesentlig helse-skade, samt å førebygge og avgrense bruken av tvang. Fylkesmannen ser at regelverket ikkje i tilstrekkeleg grad er kjent og teke i bruk. Dette betyr

ikkje berre at pasientar blir utsette for ulovlig bruk av tvang, men det kan og føre til at pasientar ikkje får den helsehjelpa som er nødvendig.

På bakgrunn av at vi ser at kommunar og spesialisthelsetenesta ikkje har tilstrekkeleg kunnskap, skal Fylkesmannen i 2016 ha saksbehandlingskurs på fagområdet. I tillegg til fokus på regelverket og det å fatte vedtak, vil ein viktig del av opplæringa vere retta mot arbeidet med regelverket som skal førebygge og redusere bruken av tvang. Vilkår om at ein alltid skal prøve å skape tillit til pasienten og prøve andre løysningar før ein kan bruke tvang, er ein viktig del av undervisninga.



**Kontaktperson**  
Fagkoordinator  
Marit Vestad  
Tlf: 71 25 85 51 Mob: 918 61 595  
marit.vestad@fylkesmannen.no

## Styrka involvering av pasientar, brukarar og pårørande i tilsyn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i fleire år hatt eit ønske om å utvikle tilsynet vårt ved å involvere pasientar, brukarar og pårørande på ein betre måte. I 2015 vart det stilt stimuleringsmidlar til disposisjon for slikt utviklingsarbeid og vi nytta høvet til å søke om ekstra midlar frå Statens helsetilsyn til eit prosjekt for å involvere pasientar og pårørande betre i vårt tilsyn. Dette har gjort det mogleg for oss å invitere pårørande, pasientar og eldreråd i ein kommune både for å gi dei informasjon og førebu dei

til tilsynet med kommunen. Vi samarbeidde med Pasient- og brukarombodet både før og under møtet med pårørande. Vi meiner dette er svært formålstenleg ettersom dei allereie har stor tillit hos pasientar og pårørande.

Fylkesmannen vil også i 2016 søke midlar for å delta i prosjektet med å styrke involvering av pasientar, brukarar og pårørande i våre tilsyn.

På landsbasis blir det brukt mykje ressursar på tilsyn og det bør derfor vere eit overordna mål at det «treffer» så godt som mogleg. Vårt prosjekt bygg

på tanken om at ein sikrar dette betre ved å knyte tilsynet direkte opp i mot brukarerfaringane enn ved å ha fokus berre på tenestene. Vi trur at vi må denne måten vil kunne få informasjon som ikkje har vore avdekt før. Informasjonen vil dermed også vere nyttig for det vidare arbeidet med analyser av risiko- og sårbarheit. Vi tenker også at dei som blir involverte i tilsynet på denne måten, får meir kjennskap til regelverket og til Fylkesmannen si rolle. Dette kan både gje større forståing for dei tiltaka som tenestene har sett i verk og det kan gjera det lettare å melde frå om eventuelle brot på lovkrava ved seinare høve.



#### Kontaktperson

Fagkoordinator  
Anne Mette Nerbøberg  
Tlf: 71 25 85 28 Mob: 936 53 914  
anne.mette.nerboberg@fylkesmannen.no

## Styrking av rusfeltet, men lite bruk av tvang

Regjeringa har gitt tydelege signal om at det skal satsast på fagfelte rus og psykiatri framover. Den 13. november i år presenterte regjeringa ny Opptappingsplan for rusfeltet (2016-2020). Den skal sikre auka kapasitet og betre kvalitet i tilbodet til rusavhengige. Planen har ei økonomisk ramme på 2,4 milliardar kroner for ein femårsperiode, og kjem i tillegg til veksten i tverrfagleg spesialisert behandling. For 2016 er den berekna til 185 millionar kroner.

Planen rettar seg mot personar som er i ferd med å utvikle, eller har utvikla rusproblem. Det er størst behov å styrke dei kommunale tenestene så hovudinnsatsen rettar seg derfor inn mot kommunesektoren.

For dei som har utvikla eit rusproblem som går ut over liv og helse kan bruk av tvang vere einaste løysning, om frivillig behandling ikkje nyttar. For gravide rusmisbrukande kvinner kan dette vere einaste løysning for å beskytte barnet mot skader. Fylkesmannen skal varslast dersom nokon blir lagt inn i rusinstitusjon i vårt fylke utan eige samtykke. Fylkesmannen ser

at det har vore ein markant nedgang i bruk av tvang i vårt fylke dei siste åra. I 2012 var 15 personar lagt inn på tvang i vårt fylke, i 2015 er det berre to. Dei to siste åra har vi ikkje fått melding om gravide som har vore lagt inn på institusjon i Møre og Romsdal utan eige samtykke.

Fylkesmannen veit ikkje årsaka til dette, og er uroa for om det er manglande kunnskap om lovverket som ligg til grunn for denne utviklinga. Vi vil sjå nærare på situasjonen i 2016. Då vil det også komme ein ny rettleiar om tvangstiltak for personar med rusmiddelproblem.



#### Kontaktperson

Seniorrådgivar  
Åse Hansen  
Tlf: 71 25 85 48 Mob: 951 11 813  
ase.hansen@fylkesmannen.no

## Tilsyn med tenester til pasientar med rusproblem og psykiske lidningar (ROP)

Våren 2015 gjennomførte Fylkesmannen tilsyn med to kommunar for å sjå på korleis kommunane ivaretar sentrale tema i tenestene til menneske med samtidig rus og psykisk lidning. Kommunane vi førte tilsyn med var Halså og Stranda. Begge er små kommunar, det kan vere både ein styrke og ei utfordring i tenestetilbodet til denne gruppa.

Fylkesmannen undersøkte korleis kommunane identifiserer brukarane, set i verk tiltak og følgjer opp pasien-

tar med ROP-liding. Tilsynet hadde òg fokus på samhandlinga mellom dei ulike tenestene i kommunen.

Samhandling er ein føresetnad for å gi gode nok tenester til denne gruppa med utfordrande og samansette problem. I Halså kommune blei det avdekt avvik. Det betyr at tenestene ikkje er i tråd med lover og reglar. Vi fann at Halså kommune ikkje har eit godt nok system som sørger for forsvarlege helse- og omsorgstenester til personar med samtidig psykisk lidning og langvarig rusmiddelbruk. Dei største utfordringane for kommunen er system og metodikk for korleis pasientane skal følgjast opp og kven

som har delegert mynde og ansvar for tenestene. Individuell plan var lite brukt, og ansvaret for arbeidet var i stor grad knytt til ein tilsett. Det gjør tenesta særleg sårbar.

Stranda kommune fekk ikkje avvik, men ein merknad. Ein merknad er meint som eit godt råd og vil ikkje bli følgt opp frå Fylkesmannen si side. Merknaden råder Stranda kommune til å konkretisere innhaldet i vedtaka til den einskilde tenestemottakar. I dette ligg at vedtaka så langt råd er bør utformast slik at mottakar veit kva som er målsettinga med aktuelle teneste og kva tiltak han får; tenestetypen, omfang og når det skal givast.

	<b>Kontaktperson</b>
	Fagkoordinator Marie Eide Tlf: 71 25 85 55 Mob: 472 87 131 marie.eide@fylkesmannen.no

## Førebyggande helsetenester - Helsestasjonstenesta og helsetenester i skulen

Helsestasjons- og skulehelsetenesta har stor oppslutning i befolkninga, og det er brei politisk semje om kor viktig tenestene er. Alle kommunane har fått auke i rammetilskotet for å ivareta og styrke helsestasjon- og skulehelsetenesta. KOSTRA-tal om årsverk i alt til førebygging, helsestasjon- og skulehelsetenesta viser at omlag 17 % av kommunane har auka talet på årsverk i 2014, og om lag 65 % har uendra talet på årsverk. I tillegg til auka i rammetilskotet har

kommunane; Kristiansund, Molde, Ålesund og Vestnes i 2015 fått tilskot frå nasjonal satsing for å styrke og utvikle skulehelsetenesta i vidaregåande skular.


## Førebyggande helsetenester - Friskliv

Det er etablert frisklivssentral i 12 kommunar. Det er kommunane: Surnadal, Volda, Giske, Molde, Ulstein, Rauma, Eide, Fræna, Kristiansund, Sunndal, Vestnes og Norddal. I tillegg er 3 kommunar, Ørsta, Aukra og Vanylven, i gang med etablering.

Samhandlingsreforma vektlegg auka

helsefremmande og førebyggande innsats og styrking av førebyggande helseteneste i kommunane. Frisklivssentralar er eit viktig tiltak i det arbeidet.

Frisklivssentral skal gi tilbod til personar med behov for å endre levevanar. Det omfattar tilbod til personar som står i fare for å utvikle sjukdom eller som må lære å leve med og meistre sjukdom. Frisklivssentralane har utvikla ulike typar tiltak. Det gjeld blant anna tiltak innan områda tobakksførebygging, ernæring, fysisk aktivitet, overvekt, alkoholvanar og psykisk helse.

	<b>Kontaktperson</b>
	Seniorrådgivar Sverre Veiset Tlf: 71 25 85 45 Mob: 996 90 864 sverre.veiset@fylkesmannen.no

## SOSIALE TENESTER I NAV

### Bustader til utsette grupper

Kommunen har etter sosialtenestelova eit ansvar for å sikre ein forsvarleg bustad for personar som av økonomiske, sosiale, helsemessige eller meir samansette grunnar ikkje kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden. En tilfredsstillande bustad er ein

sentral føresetnad for at den einskilde skal kunne leve og bu sjølvstendig, skaffe eller behalde arbeid, og delta i samfunnet. I familiar med barn og unge er det spesielt viktig at det er en trygg og god bustadsituasjon.

I vår kontakt med kommunane ser Fylkesmannen at det er ei utfordring å skaffe nok bustader til denne «gruppa». Med auka busetting av flyktningar i åra framover vil behovet

for fleire eigna bustader bli større. Her må kommunane ta eit større grep framover, i dette arbeidet kan strategien Bolig for velferd vere til hjelp. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Bolig-for-velferd/id753950/>

Saman med Arbeids- og velferdsdirektoratet, forvaltar Fylkesmannen tilskot til bustadsosialt arbeid. Kommunane er målgruppe for desse tilskota.



#### Kontaktperson

Seniorrådgivar  
Eilin Reinaas  
Tlf: 71 25 84 18 Mob: 997 04 365  
eilin.reinaas@fylkesmannen.no

### Eigen vurderingstilsyn i NAV-kontor

Tema for landsomfattande tilsyn med sosiale tenester i NAV i 2015 og 2016 er å undersøke og konkludere om kommunen gjennom tilstrekkelig styring og leiing (internkontroll) sikrar

tilgjengelige og forsvarlige sosiale tenester til unge mellom 17 og 23 år. Tilsynet i 2015 vart gjennomført som eigen vurderingstilsyn med deltaking av 14 kommunar/NAV-kontor. Tilsynet blir avslutta etter at kommunane har evaluert igangsetting av, og

verknadene av tiltak i eigne planar for retting av avvik. Kommunane sine eigen vurderingsskjema og planar for retting av avvik skal sendast til Helse-tilsynet og vil bli brukt i oppsummeringsrapport som blir lagt ut i byrjinga av 2017.



#### Kontaktperson

Fagkoordinator  
Oddhild Johnsen  
Tlf: 71 25 84 53 Mob: 920 61 292  
oddhild.johnsen@fylkesmannen.no

### Kvalifiseringsprogrammet

Kvalifiseringsprogrammet (KVP) blei ei lovpålagt oppgåve for alle kommunane frå 2010 og det er NAV-kontora som har ansvar for å identifisere og tilby programmet til dei som har denne retten. KVP er retta mot personar som står langt frå arbeidsmarknaden, men

med tett og individuell oppfølging kan dei likevel komme i arbeid. Det er god overgang til arbeid for dei som har gjennomført programmet. Fylkesmannen har gjennomført landsomfattande tilsyn med kommunenes arbeid med kvalifiseringsprogrammet, dette med nedslåande resultat.

For meir informasjon sjå <https://helse-tilsynet.no/no/Tilsyn/Tilsynsrapporter/>

Fylkesmannen prioriterer derfor arbeidet med KVP høgt også i 2016, både gjennom tilsyn og kompetansehevande tiltak.





### Kontaktperson

Fagkoordinator  
Anne Mette Nerbøberg  
Tlf: 71 25 85 28 Mob: 936 53 914  
anne.mette.nerboberg@fylkesmannen.no

## Barnefattigdom

I følge FNs barnekonvensjon skal alle barn og unge ha mulegheit til å delta i leik og fritid, til god nok levestandard og til å utvikle sine evner og ferdigheiter. Barnekonvensjonen er ei overordna rettesnor for alt arbeidet vi gjer. Barnekonvensjonens artikkel 27 gir barn rett til en levestandard som er tilstrekkeleg på alle område.

Fylkesmannen tilrår tilskot til arbeid mot barnefattigdom kvart år. I 2015 har Kristiansund, Tingvoll, Vestnes og Herøy hatt slikt tilskot. Dei fire

kommunane har alle hatt forskjellige metodar og målgrupper dei har jobba mot; elevar i vidaregåande skole, sårbare familiar og minoritetsfamiliar.

Ungdata-undersøkinga viser, i Møre og Romsdal så vel som elles i landet, ein tydeleg samanheng mellom ungdom sin livskvalitet og familien sine økonomiske ressursar. Ungdom i familiar med dårleg råd kjem dårlegare ut på dei aller fleste helseindikatorane som er vurdert i Ungdata-undersøkinga. Det er ein klar samanheng mellom familien sin økonomiske situasjon og ungdom si

psykiske helse – delen med depressive symptom er klart større i familiar med dårleg råd. Derfor vil Fylkesmannen arbeide vidare med å utjamne sosiale skilnader på mange plan og innan mange fagområde. Det er i tråd med regjeringa sin strategi Barn som lever i fattigdom 2015-2017. Dette er ein tverrdepartemental strategi mellom seks departement. I alt 64 ulike tiltak er her lista opp og fordelt på dei forskjellige departementa.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/barn-som-lever-i-fattigdom/id2410107/>





	<b>Kontaktperson</b>
	Fagkoordinator Heidrunn Avdem Tlf: 71 25 85 42 Mob: 907 35 727 heidrunn.avdem@fylkesmannen.no

	<b>Kontaktperson</b>
	Seniorrådgivar Liv Aasen Tlf: 71 25 84 52 Mob: 470 25 818 liv.aasen@fylkesmannen.no

## BARNEVERN

### Barnevernsarbeid krev god fagkompetanse

Talet på barn som mottar tiltak frå barnevernet i vårt fylke er stabilt. Barn og unge deltar meir aktivt i eigne saker enn før og dei medverkar i større grad i opplæringstiltak.

Sidan 2011 har barnevernstenesta i kommunane blitt styrka gjennom statlege øyremerkta midlar. Kommunane i Møre og Romsdal har fått tilført midlar til 45,6 nye stillingar og til kompetansestyrking.

Det er no 22 barnevernstenester i fylket etter at fleire kommunar har inngått avtalar om interkommunalt samarbeid. Fylkesmannen følgjer med på utviklinga i dei små tenestene, det vil seie dei med 3 eller færre årsverk. Fylkesmannen ser ikkje klare skilnader i tenestekvaliteten mellom små og store tenester.

Talet på barnevernssaker har auka i mange år, men frå 2013 har vi ikkje sett denne tendensen. Både talet på bekymringsmeldingar og talet på barn som får tiltak er stabile. I 2015 har 1800 barn fått hjelpetiltak (1830 i 2014) og 454 er under omsorg (447 i 2014). Det er ein auke i talet på unge som får ettervern etter fylte 18 år. Fylkesmannen meiner det har vore ei positiv utvikling i dei fleste kommunane når det gjeld kvaliteten på arbeidet i barnevernssakene.

Barnevernsarbeid krev god fagkompetanse. Fylkesmannen har i 2015 gjennomført fleire opplæringstiltak; tverrfaglege kursdagar i å snakke med barn om vald og overgrep, kurs for nyttilsette i barnevernet og Barnevernkonferansen i Geiranger med nytt innan forskning, juss og erfaringsdeling. Barn og unge deltar aktivt i mange av Fylkesmannens opplæringstiltak. Fylkesmannen gjennomførte i 2015

tilsyn med 3 barnevernstenester der ein undersøkte korleis kommunane arbeider med meldingane som kjem til barnvernet. I tilsynet har vi funne at kommunane i hovudsak har innarbeidd gode rutinar for dette arbeidet, men at dokumentasjon av dei barnevernfaglege vurderingane kan bli betre.

Ved utgangen av 2015 er det 7 barnevernsinstitusjonar med i alt 17 avdelingar i Møre og Romsdal. Fylkesmannen har tilsyn med institusjonane si omsorgsutøving og behandling av bebuarane. Det er gjennomført frå 2 til 4 tilsyn med ved kvar av institusjonane i 2015.

Busetting av einslige mindreårige flyktningar/asylsøkarar blir ei stor utfordring for kommunane i 2016. Fylkesmannen får nye arbeidsoppgåver med tilsyn av omsorgssentre for mindreårige.

	<b>Kontaktperson</b>
	Seniorrådgivar Åse Hansen Tlf: 71 25 85 48 Mob: 951 11 813 ase.hansen@fylkesmannen.no

### Regional tilsynsverksemd

Hausten 2015 gjennomførte Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Nord-Trøndelag og Fylkesmannen i Sør-Trøndelag tilsyn med rehabiliteringstenestene til vaksne pasientar med nyleg erverva hjerneskade/ hovudskade - og etterfølgjande behov for rehabilitering. Tilsynet hadde fokus på korleis verksemdene sørgjer for god samhandling og forsvarlege tenester til pasientar med erverva hjerneskade- og behov for tverrfagleg rehabilitering.

Bakgrunnen for tilsynet er at rehabilitering er eit område i stor utvikling, og Fylkesmennene i alle tre fylka har gjennom klagesaker/ mangel på klagesaker registrert at denne pasientgruppa er sårbar og har få personar som talar si sak. Samhandlingsreforma sine sentrale mål om gode pasientforløp og fleire tenester nær der pasienten bur skaper nye utfordringar i overgangane mellom kommune og spesialisthelseteneste.

Hovudmålsettinga var å undersøke om helseføretaket og kommunane sørgjer for at tenestene til denne pasientgruppa er prega av god kompetanse og kvalitet. Lov og forskrift vil aldri kunne klargjere såkalla gråsoner, og samhandling og dialog mellom nivåa blir avgjørande.

Pr. dato er ikkje rapportane frå tilsyna i vårt fylke ferdig og vi kan derfor ikkje offentliggjere kva vi har avdekt.

# Administrasjon



<b>Kontaktperson</b>
Administrasjonssjef Hilde Aure Tlf: 71 25 84 31 Mob: 916 85 560 hilde.aure@fylkesmannen.no



<b>Kontaktperson</b>
Fagsjef Synnøve Ulleland Tlf: 71 25 84 73 Mob: 996 90 926 synnove.ulleland@fylkesmannen.no

## Kongehusets besøk i fylket 2015

Kronprins Haakon gjesta Volda vidaregåande skule i Volda og held opplæring i Dignity Day den 25. september. Han besøkte også Ulstein Group i Ulsteinvik same dag.

## St. Olavs Orden og Kongens fortjenstmedalje

### Det er i år delt ut to St. Olavs Orden:

Arild Hervik Molde  
Jon Bojer Godal Halså

### Det er delt ut åtte Kongens fortjenstmedaljar:

Karen Gudveig Høydal	Ørsta
Karen Smenes	Averøy
Magne Wullum	Tingvoll
Are Homlong	Ålesund
Svein Norleif Eiksund	Ulstein
Atle Hermod Ringseth	Stranda
Bernt Gudrunson	Surnadal
Inger Johanne Vikene	Herøy

## Apostille

Fylkesmannen er delegert oppgåva med legalisering av dokument for bruk i utlandet, det vil seie for dokument som skal nyttast i dei landa som har ratifisert Haag-konvensjonen av 5. okt. 1961.

### Statistikk for dei siste åra:

2015	1491
2014	1530
2013	1769
2012	1908
2011	1686
2010	1666
2009	1502

### Her finn du meir informasjon om Apostille:

<http://fylkesmannen.no/nb/More-og-Romsdal/Folk-og-samfunn/Apostillestempel-pa-dokumenter/>

## Statsborgarseremoni

Fylkesmannen har sidan 2007 arrangert ein seremoni pr år for nye norske statsborgarar frå heile fylket vårt. Talet på deltakarar har auka jamt for kvart år. I 2015 deltok 201 statsborgarar (39 %) på seremonien saman med sine gjester. Deltakarane representerte 37 land og kom frå 29 av kommunane våre.

## Kurs og konferansar arrangert av fylkesmannen

Fylkesmannen har arrangert 82 kurs og konferansar med totalt 6911 deltakarar.



<b>Kontaktperson</b>
Fagansvarleg Edle Eide Tlf: 71 25 84 66 Mob: 481 98 313 edle.eide@fylkesmannen.no

## Statlege tilskotsordningar utbetalt gjennom Fylkesmannen i Møre og Romsdal for 2015

Utbetalt til	Beløp
Kommunane i Møre og Romsdal	111 229 477
Fylkeskommune	4 055 655
Organisasjonar og enkeltpersonar	9 871 007
Statlege etatar	4 826 000
Erstatningar	1 732 581

## Internt

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har 148 tilsette. Vi fekk ei budsjettildeling frå KMD i 2015 på kr. 79 754 000.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har fått

# ny grafisk profil

Profilen, både farger og former, er utviklet med utgangspunkt i riksvåpenet og fylkesblomsten Bergfrue.

## Bergfrue- fylkesblomsten til Møre og Romsdal



- ▶ Veks med 3 blad i kvart lag:  
**Nordmøre, Romsdal, Sunnmøre.**
- ▶ Har bladform som riksvåpenet.
- ▶ Heile illustrasjonen av Bergfrua har til saman 36 blad, tilsvarande alle kommunane i fylket pr. september 2015. Dette kan endrast etter behov.



Den stiliserte fylkesblomsten er bygd opp av riksvåpenet



Foto av fylkesblomsten Bergfrue:  
Frode Holthe



Den grafiske profilen er utvikla i samarbeid med **AN|NA design** og ei intern arbeidsgruppe hos Fylkesmannen.